

Årsrapport 2025



norsk
pasientskade-
erstatning

Innhald

I. Leiars rapport	3
II. Introduksjon til verksemda	5
Oppgåver.....	5
Verdiar hos oss.....	5
Organisasjon.....	6
Slik er saksbehandlinga.....	7
Strategi for NPE.....	7
III. Aktivitetane i år og resultat	9
Hovudmål 1.....	9
Hovudmål 2.....	10
Hovudmål 3.....	11
Andre oppdrag og fellesføringar.....	11
Produktivitetsutvikling.....	15
Nøkkeltal.....	16
Organisasjonen og menneska.....	20
IV. Styring og kontroll i verksemda	23
V. Vurdering av framtidsutsikter	25
Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning	27
Digitale løysingar.....	27
Evaluering av saksbehandlinga i pasientskadeordninga.....	30
Pasientskadesak i Høgsterett i 2025.....	33
Kontaktmøte i 2025.....	34
Koronavaksinesaker.....	35
Vi utviklar oss som leiarar.....	36
Vi har gjennomført medarbeidarundersøking.....	36
Sakkunnigtenester.....	37
VI-A. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning	38
VI-B. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning - fond for offentleg helseteneste	53
VI-C. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning - fond for privat helseteneste	60

I. Leiars rapport

Rekordmange søker erstatning.

I 2025 passerte vi i Norsk pasientskadeerstatning for første gong 8000 søknader om erstatning. Det totale talet enda på 8382 søknader. Auken i talet på erstatningssaker er på nesten 50 prosent dei siste fem åra.

Ein slik auke i talet på saker på få år, gir eit langt større press på saksbehandlinga. Som eit offentleg forvaltningsorgan skal vi behalde vår faglege integritet i saksbehandlinga, samtidig som vi skal vere effektive nok til at erstatningssøkarar ikkje må vente unødig lenge på svar. NPE jobbar heile tida med å balansere desse to omsyna, samtidig som vi skal



vareta egne tilsette. Vi arbeider derfor kontinuerleg med å forbetre egne saksbehandlingsprosessar og forenkle dei der det er mogleg.

Trass i ein stor auke i talet på saker, har ikkje saksbehandlingstida auka. Faktisk er saksbehandlingstida redusert dei siste fem åra. Mens det i 2020 tok gjennomsnittleg 233 dagar frå vi fekk ei sak til vi gjorde vedtak knytte til om ein kunne få erstatning eller ikkje, så tok det 225 dagar i 2025.

Dette viser at vi klarer å forbetre og effektivisere saksbehandlinga, ei utvikling som blir mogleggjord av dyktige og dedikerte tilsette med høg fagleg integritet i alle ledd. NPE vil også fortsette å sjå på korleis vi best kan ta i bruk kunstig intelligens i saksbehandlinga.

Vi ser samtidig at medhaldprosenten har sokke dei siste åra. I 2025 fekk 24 prosent erstatning, mens talet i 2020 var 30 prosent. Vi følger nøye med på kva som er årsaka til at medhaldprosenten søkk. Vi har ingen grunn til å tru at auken i talet på erstatningssøknader kjem av at det skjer fleire feilbehandlingar i norsk helseteneste. Enkelte av våre sakkunnige peikar på at det er ein auke forskjell mellom kva helsetenesta kan gjere for dei og kva pasienten ventar av behandlingsresultat. Viss forventningane til pasientane er urealistisk høge, kan dette vere ei av årsakene til at talet på søknader aukar. Men det kan også vere andre årsaker.

Vi er avhengige av å fortsette den gode relasjonen vår til helsepersonell, pasientorganisasjonar og profesjonsorganisasjonar for å auke kjennskapen og kunnskapen om NPE.

I 2025 har vi framleis brukt mykje tid og ressursar på å utvikle ei ny saksbehandlingsløysing. Det handlar ikkje berre om å jobbe fram den nye løysinga – som er krevjande nok i seg sjølv. Det er ei rekke leveransar og prosessar som må vere på plass og alt må henge saman.

I NPE fortset vi å jobbe med at vi skal gjere rett vedtak til rett tid. Nokre saker, slik som saka knytt til Frosta-legen, er kjent i media. Dei aller fleste har ikkje ei sak som er allment kjent. Alle skal få den same profesjonelle saksbehandlinga hos oss. Og vi tar på alvor

det store samfunnsoppdraget vi har med å gi erstatning til dei som har blitt skadd og fått økonomisk tap som følge av feilbehandling i helsetenesta.



Kristin Cordt-Hansen *direktør*

II. Introduksjon til verksemda

NPE er ei statleg verksemd underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Oppgåver

NPE har tre forskriftsfesta oppgåver.

Vi skal:

1. avgjere om erstatningssøkarar har krav på erstatning og fastsette størrelsen på erstatninga
2. bidra med statistiske data til kvalitetsforbetring og skadeførebyggjande arbeid i helsetenesta
3. informere om pasientskadeordninga til pasientar, helsetenesta og publikum

Verdiar hos oss

- **Open**
- **Påliteleg**
- **Tilpassingsdyktig**


I NPE skal vi vere synlege, lett tilgjengelege og godt kjente.

Vi held høg fagleg standard og opptrer på ein måte som gjer at omgivnadene våre kan stole på oss.

Vi handterer endringar og utfordringar på ein fleksibel og effektiv måte.



Organisasjon



Slik er saksbehandlinga

Slik er saksgangen frå NPE får søknad om erstatning og fram til saka er ferdigbehandla:

Vi får krav om erstatning og hentar inn relevant informasjon

Etter at vi har fått søknad om erstatning, hentar vi inn uttale frå behandlingsstaden der erstatningssøkar meiner skaden skjedde. Vi innhentar også annan relevant dokumentasjon, som pasientjournalar og liknande. Erstatningssøkar får kopi av uttalen frå behandlingsstaden. Undervegs i saksbehandlinga får erstatningssøkar høve til å kommentere denne.

Saksbehandlar greier ut saka

Saksbehandlaren ser på dokumentasjonen vi har fått inn og innhentar meir informasjon om nødvendig. Dei viktigaste dokumenta i saka er erstatningssøkar sine innspel, pasientjournal, uttalen frå behandlingsstaden og vurderinga til sakkunnige av saka.

Erstatningssøkar blir orientert om kva som skjer undervegs i saka. Erstatningssøkar kan sjølvsagt også ta kontakt med saksbehandlaren sin, om hen lurer på noko eller har nye opplysningar i saka.

Vurdering av dei medisinske problemstillingane i saka

Vi innhentar medisinsk sakkunnig vurdering i dei fleste sakene. Den sakkunnige skal ut frå den faglege bakgrunnen sin som spesialist gi ei vurdering av behandlinga og oppfølginga pasienten har fått.

Saksbehandlaren greier ut om erstatningssøkar har krav på erstatning eller ikkje.


Berekning av erstatning

Viss erstatningssøkar har rett til erstatning, bereknar vi størrelsen på erstatninga. I denne fasen av saksbehandlinga treng vi vanlegvis innspel og informasjon frå søkaren.

Vi fastset erstatninga ut frå erstatningssøkar sine konkrete situasjon, slik at nåverande og framtidige økonomiske tap blir dekt. Erstatninga skal dekke tap erstatningssøkar har fått som følge av skaden, og som ikkje blir dekt av eventuelle trygdeytningar, sjukepengar og liknande.

Målet er at erstatningssøkar skal ha tilnærma den same økonomiske situasjonen som før skaden.

Strategi for NPE



Strategisk hovudmål: **Rettt vedtak til rett tid**

Framdrift: Vi bruker tida effektivt

Dette gjer vi gjennom å:

- prioritere arbeidsoppgåver og utviklingstiltak som gir verdi
- vere opne og tydeleg på kva oppgåver vi prioriterer
- samhandle godt på tvers av fagmiljøa, med dei sakkunnige og andre samarbeidspartnarar
- jobbe målretta med å utvikle gode arbeidsmetodar, og teste utviklingstiltak raskt og uformelt



Kvalitet: Vi deler kunnskap og jobbar aktivt med forbetnings- og utviklingstiltak

Dette gjer vi gjennom å:

- ha gode opplæringsplanar og sikre kontinuerleg utvikling av kompetanse
- vere vedtaksføre og ta rette val undervegs
- tilpasse oss endra behov og utfordringar
- ha eit klart, enkelt og tydeleg språk



Tillit: Vi handlar på ein involverande, påliteleg og open måte

Dette får vi gjennom å:


- kommunisere ope, klart og tydeleg internt og eksternt
- handtere forventningar, og sikre involvering av erstatningssøkarar
- vere modig i endringsarbeid med inspirerande og engasjerande leiing
- skape ein kultur for å gi og ta imot tilbakemeldingar



Framtidsretta: Vi bygger ein trygg og effektiv digital framtid

Dette gjer vi gjennom å:

- opparbeide innsikt om morgondagens behov
- utvikle digitale kunnskapar og ferdigheiter
- vidareutvikle automatisering, robotisering og kunstig intelligens
- bygge inn informasjonssikkerheit og personvern i alle digitale løysingar



III. Aktivitetane i år og resultat

Frå tildelingsbrevet for 2025 frå Helse- og omsorgsdepartementet:

Hovudmål 1

«Effektiv og påliteleg behandling av erstatningskrav»

Styringsparametrar

- «80 prosent av sakene der erstatningssøkaren er tilkjent erstatning (medhaldsakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 24 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 435 dagar.»

Resultat: Vi oppfylte begge målsettingane. 89 prosent av desse sakene blei avslutta innan 24 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 13,5 månader (406 dagar).

- «80 prosent av sakene der erstatningssøkaren ikkje blir erstatning tilkjent (avslagssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 12 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 300 dagar.»

Resultat: Vi oppfylte begge målsettingane. 82 prosent av desse sakene blei avslutta innan 12 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 7,1 månader (215 dagar).

- «NPE skal i 2025 ikkje ha meir enn 3 prosent av melde saker under ansvarsvurdering i meir enn to år. Talet på saker som har vore under berekning over to år skal ikkje overstige 5 prosent av dei løpande berekningane. Unntaket er saker der det av omsyn til kvaliteten ikkje er forsvarleg å gjere opp saka innan denne tidsfristen.»

Resultat: Ved årets avslutning hadde vi 5 saker som hadde vore under ansvarsvurdering lengre enn to år. Det utgjør 0,1 prosent av dei løpande ansvarssakene og er godt innanfor målsettinga. Vi hadde 19 saker som har vore under berekning over to år. Det utgjør 4 prosent av alle løpande berekingar og er innanfor målsettinga.

«NPE skal sikre balanse mellom grannsemd og tidsbruk» Resultat: NPE har sterkt fokus på effektivisering og forenkling av saksbehandlinga samtidig som vi held oppe kvaliteten. Forenklinga av saksbehandlinga gir effekt på saksbehandlingstida.

Dette kontinuerlege fokuset har gjort det mogleg å halde saksbehandlingstida nokolunde lik eller redusert gjennom dei siste åra, sjølv med aukande talet på melde saker. Talet på melde saker auka med 28 prosent i perioden 2021 til 2025. I same periode har saksbehandlingstida frå mottak av sak til avslag auka frå 199 dagar til 216 dagar. Saksbehandlingstida frå mottak av sak til utbetalt erstatning er redusert frå 452 dagar til 406 dagar.

Blant anna kontinuerleg forenkling og effektivisering har bidratt til at produktiviteten per saksbehandlarårsverk har auka med 10 prosent frå 2024 til 2025.

- «NPE skal sikre høg kvalitet i alle ledd i saksavviklinga»

Resultat: Talet på saker som blir omgjorde i klageorganet vårt, Nasjonalt klageorgan for helsetenesta, og av domstolane er ein indikator på kvaliteten i saksbehandlinga vår. Andelen omgjeringar har over fleire år lege ganske stabilt mellom 2 og 3 prosent av dei som klagar på eit avslag frå NPE.

Omgjeringsprosenten gir ikkje indikasjon på at NPEs arbeid med å balansere grannsemd og tidsbruk i saksbehandlinga har gitt uheldige utslag.

Hovudmål 2

«God informasjon om pasientskadeordninga til helsepersonell, pasientar, erstatningssøkarar og i det skadeførebyggande arbeidet»

Styringsparametrar

- «NPE skal bidra til tydeleg og samordna informasjon til pasientar og helsepersonell
- NPE skal sikre nøyaktig og påliteleg informasjon til erstatningssøkar
- NPE skal tilgjengeleggjere relevant informasjon i det skadeførebyggande arbeidet»

Resultat: Ei viktig kjelde til informasjon frå NPE til både allmenta, erstatningssøkarane og helsepersonell er nettsidene våre. Sidene inneheld informasjon for alle dei nemnde gruppene, frå informasjon om kva som skal til for at ein pasient har rett til erstatning, til informasjon om korleis aktørane i privat helseteneste skal forstå og oppfylle si registreringsplikt. Vi har også dei seinaste åra lagt nokre av fagnotata våre tilgjengeleg på nettsida vår. I 2025 la vi t.d. ut eit fagnotat med oversIKT over kva krav vi stiller til bevisa i ei erstatningssak, og korleis vi skal handtere tvil og usikkerheit om kva som har skjedd.

For å nå ut med informasjon om både pasientskadeordninga og erfaringane våre knytte til pasientsikkerheit, held tilsette i NPE innlegg på ulike arenaer. Vi har for eksempel vore med på Nordental, ein kongress arrangert av Tannlegeforeininga, og halde innlegg for sjukepleie- og legestudentar.

Statistikkportalen vår er eit viktig bidrag til arbeidet til helsetenesta med pasientsikkerheit. Portalen er tilgjengeleg på nettsida vår. Her har alle tilgang til statistikk over for eksempel kor mange saker vi har fått meldt og gitt medhald i innanfor ulike medisinske spesialitetar, eller kor store erstatningsutbetalingar vi har utbetalt til høvesvis kvinner og menn.

På førespurnad gjer vi materiale frå sakene våre tilgjengeleg for forskning for å styrke pasientsikkerheita. Slike førespurnader kan dreie seg om alt frå å ta ut tal knytte til ulike problemstillingar (for eksempel talet på medhald i saker om kneprotesar) til meir omfattande bidrag der vi anonymiserer sakkunnige utsegner som omhandlar ei nærare spesifisert problemstilling. Vi bidrar også med tal og statistikk til media.

Når det gjeld informasjon til erstatningssøkar mens ei sak er under behandling i NPE, skjer det hovudsakleg gjennom brev der det blir informert om kva som har skjedd i saka, kva som skal skje vidare og om kva erstatningssøkar er venta eller blir invitert til å bidra med. I tillegg får erstatningssøkar sjølv sagt tilsendt vedtaka vi gjer i hens sak.

Korrespondanse vi sender ut i blir også gjorde tilgjengeleg for erstatningssøkar og eventuell fullmektig i brukarportalen Min side. Gjennom kvar måned i 2025 har det vore rundt 3 000 brukarar som har vore inne på Min side for å sjå status i saka, lese tilsendt materiale eller laste opp kommentarar. Til samanlikning hadde vi gjennom 2025 mellom 5 800 og 6 000 løpande saker.

I tillegg til den skriftlege kontakten mellom NPE og erstatningssøkarane, kan erstatningssøkarane kontakte saksbehandlaren sin på telefon. Erstatningssøkarar og andre som har spørsmål kan også kontakte servicesenteret vårt for rettleiing.

Vi jobbar også med klarspråk i kommunikasjonen vår.

Hovudmål 3

«Påliteleg forvaltning av finansieringssystemet innanfor pasientskadeordninga»

Resultat: Sjå omtale under rekneskapsdelen seinare i årsrapporten.

Andre oppdrag og fellesføringar

- «NPE skal i samarbeid med Helseklage fortsette oppfølginga av rapporten «Rett vedtak til rett tid» frå ekspertgruppa sett ned av Helse- og omsorgsdepartementet for å evaluere saksbehandlinga i pasientskadeordninga.» Resultat: Vi har gjennom 2025 framleis arbeidd med å følge opp rapporten. Sjå nærare beskriving under punktet «Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning» seinare i årsrapporten.

-
- «NPE skal fortsette arbeidet med å få på plass ei ny saksbehandlingsløyising for NPE og Helseklage. Arbeidet blir utført i nært samarbeid med Helseklage.»

Resultat: Vi har gjennom 2025 framleis arbeidd med å modernisere dei digitale løysingane våre. Arbeidet skjer i samarbeid med Nasjonalt klageorgan for helsetenesta. Sjå nærare beskriving under punktet «Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning» seinare i årsrapporten.

- «Sikkerheit og beredskap: NPE skal ha oppdatert og tilgjengeleg oversikt over risiko og sårbarheit innan egga fagområde, og ha kontinuitetsplanar for å kunne halde oppe kritisk verksemd ved bortfall av straum, IKT, vatn og anna som kjem fram av ROS-analysen. Arbeidet med informasjonssikkerheit skal vere tilpassa gjeldande risiko-/trusselbilde».

Resultat: Vi har utarbeidd ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for verksemda. Beredskapsplanen vår - som beskriv førebuingar, krisehandtering og planar for gjenoppretting - blir jamleg oppdatert. Sjå meir om arbeidet med informasjonssikkerheit seinare i årsrapporten.

- «Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk: NPE skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønnsame energieffektive løysingar, og dessutan auke energieffektiviteten der dette er relevant.»

Resultat: I samsvar med Miljøledelse i staten går NPE årleg igjennom eigne miljøtiltak, som ein del av arbeidet for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Vi jobbar for å redusere energiforbruket, har søkelys på miljøtiltak i lokala våre og tar miljøomsyn i anskaffingar og innkjøp. Vi er ei kontorverksemd og ser at styring av ventilasjon, temperatur, belysning og kjeldesortering gir god effekt. Vi har avgrensa talet på reiser til eit minimum og gjennomfører mange møte digitalt. Ordninga med moglegheit for heimekontor reduserer også transportbehovet.

- «Inkludering og mangfald: Positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og eller fråvær frå arbeid, utdanning og opplæring.»

Resultat: Vi har hatt streng praksis for tilsetting i ledige stillingar i 2025 med bakgrunn i budsjettsituasjonen. Vi har derfor hatt få rekrutteringsprosessar.

Vi gjennomførte tre rekrutteringsprosessar der vi totalt tilsette tre nye medarbeidarar. Vi har ikkje tilsett nokon kandidatar frå målgruppene med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne.

Samla har vi tatt imot totalt tre søknader frå personar med hol i CV-en. Éin av desse kandidatane blei vurderte kvalifiserte og innkalla til intervju. Blant søkarar med nedsett funksjonsevne har vi tatt imot totalt tre søknader. Éin av desse kandidatane blei vurderte kvalifiserte og innkalla til intervju.

I annonsetekstane understrekar vi at søkarar i målgruppa er velkomne hos oss ved å oppfordre personar med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne til å søke og merke dette i søknaden, slik at vi kan ta det i betraktning.

	Sum rekneskapar for 2025	NHN - konsulenttenester konsernmodell	Sakkunnig-tenester	Betaling for journalkopi (refusjon)	Konsulenter IT	Konsulenter IT viderefakturert til Helseklage	Juridisk hjelp	Rekneskap DFØ /aktuar	Andre
670 - Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss	906 078	-	-	-	-	-	351 256	554 822	-
671 - Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar osv.	32 961 462	307 717	-	-	18 890 968	13 762 776	-	-	-
672 - Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjon osv.	16 638	-	-	-	-	-	-	-	16 638
673 - Andre konsulenttenester	18 465 707	17 982 200	-	-	49 000	425 936	-	-	8 571
674 - Innleige vikarar	219 515	-	-	-	-	-	-	219 515	-
675 - Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver, IKT	26 021 361	24 152 817	-	-	631 730	1 236 814	-	-	-
676 - Kjøp av lønns- og rekneskapstenester	192 872	-	-	-	-	-	-	192 872	-
678 - Kjøp av andre framande tenester	33 246 843	-	33 246 843	-	-	-	-	-	-
679 - Kjøp av andre framande tenester, fortsetting	11 557 989	-	11 112 011	441 752	-	-	-	-	4 226
679 - Belasta via HELFO	1 656 968	-	-	1 656 968	-	-	-	-	-
Totalt	125 245 433	42 442 734	44 358 854	2 098 720	19 571 698	15 425 526	351 256	967 209	29 435

- «Redusere konsulentbruken: NPE skal arbeide for å redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse. NPE skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje blir nytta.» Resultat:

Størsteparten av NPEs konsulentbruk er knytt til sakkunngjenester og tenester frå NHN. Dette er tenester vi i liten grad kan påverke utan at det går ut over drifta og saksbehandlinga vår.

Konsulentbruken på ITområdet heng saman med arbeidet med å modernisere dei digitale løysingane våre, jf. omtale seinare i årsrapporten. Vi vurderer det ikkje som realistisk å redusere konsulentbruken i særleg grad på dette området den næraste tida nå som vi er i ein krevjande fase i digitaliseringsprosjektet vårt.


Konsulentbruken knytt til rekruttering er låg. Vi bruker stort sett egne krefter til rekruttering, men bruker bistand i enkelte tilfelle, typisk til leiarstillingar. I 2025 nytta vi ikkje konsulentbistand til rekruttering.

Konsulentbruken til rekneskaps- og lønnstenester er låg, og i liten grad mogleg å påverke for oss.

Vi har ikkje nytta eller betalt for kommunikasjonstenester i 2025.

Produktivitetsutvikling

	2023	2024	2025
Produerte saker	9 747	9 586	10 365
Årsverk	142,7	142,6	135,8
Produktivitet	68,3	67,2	76,3



Vi bereknar produktiviteten som talet på produserte pasientskadesaker per årsverk.

Produerte saker er summen av medhald, avslag, saker der det blir utbetalt erstatning, avviste og bortlagde saker.

Årsverk svarer til faktiske årsverk i NPE i perioden. Årsverk som er knytt til NPEs forvaltning og utvikling av IT-system i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta er trekt ut.

Produktiviteten har auka frå 2024 på grunn av fleire produserte saker. Samtidig er talet på årsverk redusert.

Nøkkeltal

NPE totalt	2024	2025
Mottatte erstatningskrav	7 681	8 382
Medhald	1 473	1 461
Avslag	3 966	4 843
Medhalddel	27 %	24 %
Erstatningsutbetalinger frå NPE totalt, inkl. særskilde tilskot – mill. kroner	1 332	1 063

Offentleg helseteneste*	2024	2025
Mottatte erstatningskrav	5 667	6 497
Medhald	894	925
Avslag	3 062	3 707
Medhalddel	23 %	20 %
Erstatningsutbetalinger – mill. kroner	1 193	930

Privat helseteneste*	2024	2025
Mottatte erstatningskrav	1 392	1 567
Medhald	507	497
Avslag	452	582
Medhalddel	53 %	46 %
Erstatningsutbetalinger – mill. kroner	103	93

Særskilde tilskot	2024	2025
Mottatte erstatningskrav	542	241
Medhald	70	39
Avslag	415	473
Medhalddel	14 %	8 %
Erstatningsutbetalinger – mill. kroner	36	40


Legemiddelsaker	2024	2025
Mottatte erstatningskrav	80	77
Medhald	2	-
Avslag	37	81
Medhalddel	5 %	-
Erstatningsutbetalinger frå legemiddelselskap (ikkje frå NPE) – mill. kroner	1	2

Merk at mottatte saker, vedtak og erstatning same år, ikkje har nokon samanheng. Dette kjem av at det tar tid frå ei sak blir mottatt til den blir ferdig behandla med eit vedtak og eventuelt erstatning.


*For å få samanliknbare tal er erstatningsutbetalinger i 2025 for offentlig helseteneste korrigerte ned for manglande avrekning på 10,6 mill. kroner frå privat helseteneste. Erstatningsutbetalinger for privat helseteneste i 2025 er korrigert opp med same beløp til offentlig helseteneste. Samla erstatningsutbetalinger for NPE totalt i 2025 er ikkje korrigerde.

Sjå også kommentarar på fondsrekneskapane i rekneskapsdelen.


Antall mottatte erstatningskrav




Antall vedtak



Erstatningsutbetalinger - mill. kroner



Tidsbruk saksbehandling - dager



Lønnskostnader per utførte årsverk	Totalt	Per utførte årsverk¹
Lønnskostnader	148 125 372	1 056 002
Del lønnskostnader av driftskostnader	49,8 %	

Indirekte personalkostnader	Totalt	Per utførte årsverk
Arbeidsgivaravgift	18 356 200	130 863
Pensjonskostnader	10 540 676	75 146
Gruppelivsforsikring	302 008	2 153
Yrkesskedeforsikring	53 155	379

Husleigekostnader		
Årleg husleige 2025		9 457 000
Talet på kvadratmeter		2 959
Mengde tilsette ²		159
Husleige per kvadratmeter		3 196
Kvadratmeter per tilsett		19

¹ Årsverk per 31.12.2025 som faktisk har arbeidet i et helt år (ikke inkludert sykefravær og permisjon)

² Antall ansatte er per 31.12.2025

Organisasjonen og menneska

Mengde tilsette og årsverk

Mengde tilsette ved utgangen av 2025: **159**


Utførte årsverk i 2025: **140,3**

(Inkludert 4,5 årsverk til IT-tenester og anskaffingar som vi utfører for Nasjonalt klageorgan for helsetenesta).

Med bakgrunn i den krevjande budsjettsituasjonen hadde vi i 2025 ei restriktiv haldning til å erstatte tilsette som slutta gjennom året. Mengde tilsette ved årsslutt var derfor lågare enn tidlegare år.

Utsifting


Del tilsette som sa opp stillinga si i NPE i 2025 var på 5,6 prosent og om lag på same nivå som året før.



Sjukefråvær

Totalt var fråværet i 2025 på seks prosent, ein auke på eitt prosentpoeng samanlikna med 2024. Vi ser at sjukefråværet i NPE i stor grad samsvarer med utviklinga i arbeidslivet elles, men at vi ligg noko lågare enn gjennomsnittet.

Sykefraværsutviklingen i NPE



Oppfølging av aktivitets- og forklaringsplikta som følger av likestillings- og diskrimineringsloven

Vi har dialog med tillitsvalde i verksemda om spørsmål knytte til likestilling og diskriminering.

Ei partssamansett arbeidsgruppe gjekk gjennom data for verksemda i 2024. Den samlande konklusjonen derfrå var at tala viser at det ikkje er lønnsdiskriminering basert på kjønn i NPE. Vi har ingen indikasjonar på at dette har endra seg i 2025.

Det er einigheit om at ufrivillig deltid ikkje er eit problem i NPE.

Andelen av lønnsmassen som går til kvinnelege medarbeidarar har blitt noko høgare i løpet av 2025.

Tal per 31.12.2025	Kvinner (%)	Menn (%)
Kjønnsfordeling i den totale arbeidsstokken	78	22
Kjønnsfordeling blant leiarane	80	20
Fordeling av lønn utbetalt i 2025	77	23

Det var éin mellombels tilsett (i eit vikariat) i NPE ved årsskiftet.

Del i foreldrepermisjon (heile året): 11 kvinner og to menn, dvs. 4,8 prosent.

Av erfaring er det stor overvekt av kvinner som søker stilling i NPE. Det gjeld særleg søkarar til stillingar som saksbehandlarar av pasientskadesaker. Dette sjølv om vi oppfordrar alle kvalifiserte kandidatar til å søke, uavhengig av kjønn. Vi legg overordna til grunn at kandidatane oppfyller kvalifikasjonsprinsippet ved tilsettingar i det offentlege.

Vi har for tida fem medarbeidarar som er tilsette i deltidstilling, alle etter eige ønske. Ved arbeidsløyse i stillingskategoriar der vi har tilsette på deltid, blir desse auke tilboden til full stilling før stillinga blir lyst ut.



IV. Styring og kontroll i verksemda

Instruks for verksemda

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett tre instruksar for NPE: instruks for Norsk pasientskadeerstatning, instruks for fond offentlig helseteneste og instruks for fond privat helseteneste.

Lønns- og rekneskapstenester

NPE bruker Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) som leverandør av lønns- og rekneskapstenester etter ein fullservicemodell. Vi bruker DFØs løysingar for lønn, rekneskap og fakturahandtering. Vi nyttar Økonomiinfo frå DFØ for rapportering av rekneskapstal.

Vi har avtale med skatteetaten om oppfølging av tilskotspliktige verksemdar i privat helseteneste.



Planar og oppfølging

NPE utarbeider årleg verksemdsplan for verksemda. Den følger strukturen i strategien vår og inneheld mål frå tildelingsbrevet og andre sentrale oppgåver. Leiinga har regelmessige gjennomgangar av resultat og status på tiltaka i verksemdsplanen. Leiinga har også regelmessige gjennomgangar av budsjett og rekneskap. Desse gjennomgangane følger eit fast årshjul, som også inkluderer rapporteringar til Helse- og omsorgsdepartementet, risikovurderingar osv.

Vi rapporterer på resultatmål, nøkkeltal og budsjett til Helse- og omsorgsdepartementet etter fastlagde rutinar.

Direktøren delegerer budsjettmidlar internt i verksemda gjennom disponeringskriv til budsjettansvarlege leiarar.

Vi har vurdert behovet for eigen internrevisjon, jf. rundskriv R-117 av 11.12.2020 frå Finansdepartementet. Vi har så langt vurdert at det ikkje er behov for å etablere slik revisjon, men at det er naturleg å vurdere behovet kvart tredje år og ved store endringar i verksemda, rammevilkår osv. Vi planlegg ei slik ny vurdering i 2026.

Risikostyring og internkontroll

Vi har etablert eit system for risikovurdering og -oppfølging. Der følger vi spesielt opp mål og oppdrag i tildelingsbrevet frå Helse- og omsorgsdepartementet. I 2025 oppdaterte vi opplegget vårt for å sikre at risikostyringa blir knytt tett opp til andre styringsprosessar i verksemda. Vi vurderer justeringar etter kvart som vi haustar erfaringar.

Desse områda blei identifiserte med stor risiko/raudt flagg i 2025:

- Arbeidet med å få på plass ny saksbehandlingsløyising for NPE og Helseklage. Sjå omtale under punktet «Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning».
- Positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Sjå omtale under punktet «Aktivitettane i år og resultat».

Vi har rutinar for oppfølging av rekneskap og økonomiske transaksjonar. I 2025 jobba vi spesielt med rutinar for kontroll av utbetalingar frå Helfos refusjonssystem (betaling for journalkopiar), kontroll av inngåande fakturaer og kontroll av erstatningsutbetalingar. Kontrollen avdekte nokon mindre avvik som er lukka.

Informasjonssikkerheit og personvern

NPE handterer ei stor mengde sensitive personopplysningar. Vi er opptatte av å handtere opplysningane på ein trygg og forsvarleg måte. Informasjonssikkerheit og personvern har høg prioritet hos oss.



Vi har rutinar for oppfølging av krav i personvernlovgivinga/General Data Protection Regulation (GDPR), og ein eigen funksjon som personvernombod.

Vi har etablert eit system for informasjonssikkerheit og personvern (ISMS) og har funksjon som informasjonssikkerheitsleiar. Vi har utarbeidd og oppdatert styringsdokument og rutinar, og har gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) på aktuelle område.

Vi har rutinar for varsling og oppfølging av avvik innan informasjonssikkerheit og personvern.

Vi har eit godt samarbeid med Norsk helsenett SF (NHN) knytt til IT-sikkerheit og har god nytte av NHNs kompetanse og rolle på området.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

NPE har eit internkontrollssystem for å følge opp HMS-lovgivinga. Vi har arbeidsmiljøutval, verneombod og er knytt til bedriftshelseteneste. Vi har rutinar for å ta vare på sikkerheita for dei tilsette i dialogen med brukarane våre.

Vi har rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova.

NHN hjelper og gjennomfører anskaffingar for NPE. NHN forhold seg til krava om å ta miljøomsyn, motverke arbeidslivskriminalitet og sikre at leverandørar følger lover og reglar.

NPE er ei kontorverksemd som ikkje påverkar det ytre miljøet i særleg grad.

Vi ønsker å vere ei miljøbevisst verksemd, og følger opp arbeidet med miljøleiving gjennom årlege gjennomgangar av status og prioriteringar i leinga.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Vi vurderer at vi har tilfredsstillende evne til å nå måla våre og levere gode resultat framover.

Samtidig er det fleire område som kan påverke resultatene våre:

Sakstilgang

Viss talet på nye saker aukar og vi ikkje klarer å effektivisere arbeidet vårt ytterlegare, vil det få konsekvensar for kor mange saker vi kan behandle og for den samla saksbehandlingstida. Vi avslutta i underkant av 10 prosent fleire saker i 2025 enn året før. Samtidig har talet på saker inn auka betrakteleg frå 2024 til 2025. Det påverkar saksbehandlingstida. Talet på saker som ligg ubehandla i påvente av ledig saksbehandlingsskapasitet, har også auka betrakteleg. Auken kjem blant anna av at vi har vore nøydde til å halde stillingar ledig i 2025 for å halde budsjetttramma.

NPE som ein attraktiv arbeidsplass

NPE må vere ein attraktiv arbeidsplass, der vi tiltrekker oss, tar vare på og utviklar medarbeidarar og kompetanse, for å nå måla våre. Derfor er vi opptatte av å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø og å utvikle kompetansen hos medarbeidarar og leiarar. Vi har også merksemd på og jobbar for at NPE skal kunne tilby konkurransedyktig lønn.

Budsjett

Budsjetttrammene våre påverkar drifta og utviklinga av organisasjonen og tenestene til brukarane våre. Vi er opptatte av effektiv utnytting av ressursane våre, og gjer nødvendige og krevjande prioriteringar når budsjettsituasjonen krev det. Det er samtidig viktig for oss å synleggjere konsekvensane av krevjande budsjetttrammer. Somme oppgåver må vi skyve på fordi ressursane ikkje strekk til. Vi ser t.d. at det er krevjande å prioritere fleire aktivitetar innanfor pasientsikkerheitsområdet.



Tilstreккеleg tilgang på sakkunnige

Vi har i dag god tilgang på sakkunnige. Talet på saker vi kan behandle og saksbehandlingstida blir påverka viss tilgangen blir dårlegare. Sakkunnigtenester utgjer ein stor del av budsjettet vårt, og vi er opptatte av at ressursane blir utnyttta på ein god og effektiv måte. Vi har nå betre kontroll på utgiftene gjennom omlegginga av betalingsordninga for sakkunnigtenester som vi gjorde i 2025.

Evna vår til å utvikle organisasjonen vidare

Vi opplever klare forventningar til effektivisering og utvikling av tenestene våre, blant anna gjennom digitalisering. Om vi ikkje klarer å utvikle organisasjonen og tenestene, vil det påverke resultatene våre, korleis brukarane våre oppfattar oss og omdømmet vårt generelt.

I 2026 fortset vi arbeide å effektivisere saksbehandlingsprosessane våre. Vi jobbar samtidig vidare med å modernisere dei digitale tenestene våre. Vi skal også følge opp rapporten frå 2024 frå ekspertgruppa som evaluerte pasientskadeordninga.

I den nye geopolitiske situasjonen med dagens trusselbilde ser vi at arbeidet med informasjonssikkerheit og beredskap krev stadig meir ressursar. Det kan utfordre prioriteringane våre på andre område

Når det gjeld korleis vi vil møte utfordringane framover, viser vi til informasjonen om strategien vår tidlegare i årsrapporten.

Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning

Digitale løsingar

Vi skiftar ut saksbehandlingsløysinga vår

Vi har skaffa ei ny saksbehandlingsløysing i samarbeid med Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage).

Det er eit omfattande prosjekt der vi jobbar saman med vald leverandør, Netcompany, for å tilpasse løysinga til behova i dei to verksemdene. Samtidig jobbar vi med tekniske løysingar og prosessar utanfor sjølve prosjektet, og alt skal fungere saumlaust saman.

Dette inngår i arbeidet i tillegg til sjølve saksbehandlingsløysinga:

- teknisk arkitektur og integrasjonar
- portal for sakkunnige
- løysing for nemndbehandling (Helseklage)
- løysing for bildediagnostikk
- løysing for leiingsrapportering og statistikk



Ein del har komme på plass i 2025. Samtidig er kompleksiteten stor. Sjølve saksbehandlingsløysinga er ikkje ferdig. Den vil vi jobbe vidare med i 2026. Arbeidet krev ressursar frå alle delar av organisasjonen vår. Vi set også av store ressursar i budsjettet vårt.

Vi tar i bruk ny løysing for bildediagnostikk

Vi innhentar store mengder røntgenbilde i saksbehandlinga. For å handtere dette materialet, har vi skaffa ei ny løysing for bildediagnostikk. Den tok vi bruk i begynninga av 2026.

Løysinga for forvaltning av tilskotsordninga i privat helseteneste er tatt godt imot

NPE administrerer tilskotsordninga i privat helseteneste. Private helseaktørar betaler tilskot til NPE for å dekke saksbehandlingskostnader og erstatningsutbetalingar. Ved utgangen av 2025 var 9344 verksemder registrerte i ordninga.

Vi har utvikla ei ny løysing der tilskotspliktige helseaktørar registrerer opplysningar om eiga verksemd, talet på årsverk osv. Dette er grunnlag for fakturering og innbetaling av tilskot. Løysinga er brukarvennleg og gir god funksjonalitet både for tilskotspliktige verksemder og våre eigne tilsette som forvaltar tilskotsordninga. Den nye løysinga har bidratt til at vi får færre førespurnader på telefon og e-post. Gjennom 2025 har vi utvikla løysinga vidare med utvida funksjonalitet.

Mange bruker Min side

Brukarportalen Min side er den viktigaste digitale løysinga for brukarane våre. Der kan erstatningssøkarane følge saka si, lese dokument og legge inn dokumentasjon. Erstatningssøkarars fullmektigar og advokatar har også tilgang til portalen.

Vi har tatt i bruk robotteknologi og utforskar kunstig intelligens

Vi har automatisert enkelte prosessar i saksbehandlinga ved hjelp av robotteknologi. Roboten vår sender bekreftingsbrev til erstatningssøkarar, registrerer statistikk i sakene, og hjelper oss med å opprette arbeidskopiar der vi treng det. Den sender også ut «løypemelding» til erstatningssøkar når det har gått noko tid frå erstatningssøknaden



blei sendt inn. I tillegg bruker vi roboten til ulike funksjonar på økonomiområdet. Den konterer blant anna fakturaer frå sakkunnige.

Vi har tatt i bruk Copilot for bruk av kunstig intelligens (KI) på avgrensa område. Hausten 2025 etablerte vi ei arbeidsgruppe som skal forme ut plan for innføring av KI i saksbehandlinga. Gruppa skal legge fram forslaget sitt i 2. halvår 2026.

Vi bruker nasjonale fellesløysingar

Vi innhentar store mengder dokumentasjon i sakene våre, blant anna frå helsetenesta, NAV og skattemyndigheitene. Vi bruker nasjonale fellesløysingar som eSignering, Altinn og eFormidling.

Vi oppfordrar alle som vi utvekslar informasjon med til å nytte desse løysingane. Fleire og fleire av helseføretaka tar løysingane i bruk. Det er positivt og bidrar til å forenkle innhentinga av dokumentasjon både for oss og helseføretaka.

Dessverre har det ikkje vore mogleg/ønskeleg for alle som vi utvekslar dokument med å nytte desse løysingane. Derfor har vi framleis manuelle utsendingar (papirpost) til NAV og fastlegar.

Vi jobbar med Skatteetaten for å få betre løysingar for innhenting av skatteopplysningar.

Personvern og informasjonssikkerheit

Vi handterer sensitive data, og har stor bevisstheit for informasjonssikkerheit og personvern. Sikkerheitsutgreiingar med risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) er sentrale i arbeidet vårt. Den geopolitiske situasjonen og dagens trusselbilde krev at vi bruker store ressursar på dette området.

Vi måtte prioritere ned enkelte digitaliseringsinitiativ i 2025

Vi måtte prioritere ned planlegginga av arbeidet med ny digital løysing for å søke erstatning i eit travelt år med andre store digitaliseringsoppgåver. Vi hadde heller ikkje personalressursar eller budsjettmidlar til å fortsette arbeidet med Microsoft 365 i samsvar med utrullingsløp frå Norsk helsenett.

Tilsyn frå Arkivverket

Hausten 2024 hadde vi tilsyn frå Arkivverket (nå Nasjonalarkivet)

I tilsynsrapporten frå Arkivverket heitte det: «Arkivhaldet hos NPE er generelt godt. Manglane vi fann er løysbare. Dokumentasjonsforvaltning er godt forankra hos leiinga. Saksbehandlarane tar dokumentasjonskrava alvorleg og er svært fornøgd med service og opplæring. NPE verkar å ha eit godt samarbeid med NHN knytt til både periodiske og daglege oppgåver. Kvalitetssikringa har likevel ikkje vore godt nok rigga eller følgt opp».

Vi har følgt opp forbetringpunkta i samarbeid med Norsk helsenett. Blant anna har vi oppdatert arkivplanen vår, slutført arbeidet med ny funksjonsbasert klassifisering og fått godkjent bevarings- og klassifikasjonsplan i Arkivverket.

Arkivverket lukka tilsynssaka hausten 2025.

Tilsyn frå Tilsynet for universell utforming (UU)

Hausten 2025 hadde vi tilsyn frå Tilsynet for universell utforming av IKT, som sjekka om dei publikumsretta tenestene våre oppfyller krava til universell utforming. Tenestene som blei undersøkte var nettsida vår (npe.no), søknadskjemaene for pasient- og legemiddelskade og brukarportalen Min side.

Resultatet av tilsynet var innanfor det vi forventa. Søknadskjemaene våre er gamle, og skal snart erstattast med nye versjonar etter lansering av nytt saksbehandlingssystem. Da kom det ikkje som noka overrasking at dei fleste feila blei avdekte på søknadskjemaene.



På nettsida vår har vi prioritert ei enkel utforming, som gjer det lett å tileigne seg informasjon. Det resulterte i at UU-feila som blei avdekte her var få og leita å rette opp. Det same var konklusjonen for brukarportalen Min side. Brukarportalen er i universell utforming-samanheng ei relativt ny teneste, og feila som blei avdekte her var også få og lite krevjande å rette.

Arbeidet med å rette opp feila på søknadskjemaene jobba vi med ut 2025, mot fristen i 2026.

Evaluering av saksbehandlinga i pasientskadeordninga

I august 2024 la ekspertgruppa som på oppdrag av HOD hadde evaluert saksbehandlinga i pasientskadeordninga fram rapporten sin «Rett vedtak til rett tid». Vurderinga omfatta både saksbehandlinga i NPE og i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage). Oppnemninga var ei oppfølging av Stortingets oppfordring om at det skulle gjerast ein slik gjennomgang.

Ekspertgruppa la til grunn at saksbehandlinga særleg må vurderast i lys av tre sentrale verdiar: kvalitet, tillit og saksframdrift, og kom med 33 oppfordringar. Nedanfor følger oppfordringane som er retta mot NPE eller NPE og Helseklage i samarbeid, med ein kort status ved utgangen av 2025.

To hovudoppfordringar knytte til NPEs saksbehandling

1. *NPE innfører som hovudregel at ei sak ikkje byter saksbehandlar når saka går over frå ansvarsvurdering til berekning*

Dette har vore ei endring i NPE over tid og var hovudregelen allereie da rapporten blei lagd fram i 2024.

2. *NPE etablerer ei ordning med leiande sakkunnig for alle relevante fagområde*

Tiltaket er ikkje igangsett hovudsakleg på grunn av manglande budsjettmessig dekning for tiltaket.

Tre såkalla «ordinære oppfordringar» retta mot NPE aleine

1. *Ordninga i NPE med utsending av «foreløpig vurdering» av ansvarsspørsmålet blir avvikla.*

Denne omlegginga er gjennomført.

2. *NPE ser på moglegheiter for å forbetre rettleiinga til moglege sakkunnige, slik at det blir enklast mogleg å legge inn tilbod.*

I løpet av 2025 la NPE om arbeidet med både rekruttering av og avtaleinngåing med sakkunnige og nytt rettleiingsmateriale blei utarbeidd. Oppfordringa frå ekspertgruppa inngjekk i arbeidet med informasjonen om denne omlegginga.

3. *NPE, som eit pilotprosjekt, prøver ut å la erstatningssøkar få kommentere mandatet før utsending til sakkunnig i nokre få, særskilt eigna saker.*

NPE har hatt ei arbeidsgruppe som har pilotert oppfordringa og utarbeidd retningslinjer for å følge opp ein slik rutine.

Fem oppfordringar retta mot både NPE og Helseklage

1. *Helse- og omsorgsdepartementet, i samarbeid med NPE og Pasientskadenemnda/ Helseklage, utarbeider nye styringskrav som i større grad reflekterer variasjonen i saker, og som tydelegare speglar spenninga mellom saksframdrift, tillit og kvalitet.*

Basert på denne oppfordringa er styringskrava i tildelingsbrev for 2026 endra.

-
2. *NPE og Helseklage set i verk tidsavgrensa prosjekt der ressursar blir omprioriterte til rein saksbehandling, med mål om stort å redusere den innleiande liggetida.*

Dette er ikkje igangsett blant anna fordi store ressursar er bundne opp til dei digitale prosjekta våre. NPE er også i tvil om eit slikt resultat gir den beste effekten på saksbehandlingstida eller om ressursane kan brukast på ein betre måte.

3. *NPE og Helseklage klargjer i interne rutinar at ei sak som den klare hovudregelen skal utvidast med ny behandlingsstad eller nye merknader, der det elles er fare for at erstatningssøkar kan lide rettstap.*

NPE klargjorde rutinane i 2024.

4. *NPE og Pasientskadenemnda/Helseklage vurderer kva som er formålstenleg bruk av påleggsheimelen vi har for innhenting av dokumentasjon.*

NPE trappa opp bruken av påleggsheimelen frå 2024, men ser at effekten er beskjeden utan sanksjonsmoglegheiter.

5. *NPE og Helseklage sikrar at alle mandat som blir sende til sakkunnige inkluderer eit punkt som gir høve til å påpeike andre forhold som dei reknar som fagleg sett relevant.*

NPE gjekk gjennom alle mandata i 2024 og sørjde for at punktet var med i alle mandata.

Ti oppfordringar i rapporten retta mot NPE og Helseklage i fellesskap

1. *NPE og Helseklage gjennomfører ei samordna prioritering av saker som skal gå utanom kø. Dette bør organiserast som eit samarbeidsprosjekt mellom etatane.*

NPE oppdatert rutinen sin for prioritering i 2024. Oppdatert rutine blei presentert for Helseklage same år.

2. *NPE og Pasientskadenemnda/Helseklage i arbeidet med å vidareutvikle saksbehandlingssystemet, utforskar moglegheitene for automatisering, under dette utvikling av eit interaktivt søknadsskjema og løysingar for raskare informasjonsinnhenting frå ulike aktørar.*

Arbeidet med ny sakshandlingsløysing går for fullt føre seg og blir vidareført i 2026. Etter lansering kan arbeidet med ny søknadsløysing startast opp.

3. *NPE og Helseklage samarbeider med pasient- og brukarorganisasjonar om korleis brukarperspektivet kan inngå som ein formalisert del av opplæring og oppfølging av tilsette.*

Dette er eit kontinuerleg arbeid som blant anna er tema i NPEs kontaktmøte med brukarorganisasjonar. Brukarperspektivet er tema i opplæringa av nytilsette og på årlege møte med alle tilsette.

-
4. *NPE og Pasientskadenemnda/Helseklage fortset arbeidet med å fremje klart språk og samarbeider om utveksling av erfaringar.*

Dette er eit løpande arbeid i dei to verksemdene.

5. *NPE og Pasientskadenemnda/Helseklage går gjennom, systematiserer og beskriv sin eigen praksis med omsyn til kva forhold ved journalføring som kan ha noko å seie for plassering av tvilrisiko.*

NPE utarbeidde hausten 2024 eit fagnotat om temaet. Det er publisert på nettsida vår.

6. *NPE og Helseklage vurderer moglegheitene for eit meir forpliktande samarbeid med profesjonsorganisasjonar om rekruttering av sakkunnige til enkeltoppdrag.*

NPE opplever få utfordringar med å rekruttere sakkunnige til enkeltoppdrag og har derfor ikkje sett inn spesielle tiltak på dette området.

7. *NPE og Helseklage ser på moglegheitene for eit tettare samarbeid med fagmedisinske foreiningar og sakkunnige om innretning på opplæringa i sakkunnigarbeid på pasientskadeområdet.*

I løpet av 2025 har vi gjort eit større arbeid med å gå gjennom sakkunnige vurderingar for å danne oss eit bilde av på kva område det er behov for ytterlegare opplæring av sakkunnige. Basert på dette arbeidet er det gitt individuell opplæring. Vi oppdaterer også opplæringsmaterialet.

8. *NPE og Helseklage utarbeider retningslinjer som synleggjer moglegheita for direkte kontakt mellom den sakkunnige og erstatningssøkar. Vurderinga må i kvar enkelt sak knytast til kva som etter vurderinga til den sakkunnige er nødvendig for å opplyse saka forsvareleg.*

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå begge etatane la i juni 2025 fram ein rapport om temaet. Forslaget frå arbeidsgruppa er følgt opp med rutineendringar og informasjon til sakkunnige om moglegheita.

9. *NPE og Helseklage utarbeider og piloterer interne retningslinjer for bruk av heimebesøk der også alternativ til fysisk oppmøte blir omtalt.*

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå begge etatane la i juni 2025 fram ein rapport om temaet. Forslaget frå arbeidsgruppa er følgt opp med rutineendringar.

10. *NPE og Helseklage vektlegg kommunikasjon med helsepersonell og helsetenesta for å fremje auka kunnskap om pasientskadeordninga og styrke koplinga til pasientsikkerheitsarbeidet.*

På grunn av grensa ressursar på kommunikasjonsområdet i 2025, er det ikkje gjennomført nye tiltak på området.

NPE fortset arbeidet med å følge opp oppfordringane til ekspertgruppa i 2026 så langt det er mogleg innan dei budsjettmessige rammene.

Pasientskadesak i Høgsterett i 2025

Dommar frå Høgsterett er den viktigaste kjelda for avklaring og bruk av rettsreglane. Dommane gir viktige føringar for praksis og ei moglegheit for NPE til å vurdere om praksisen vår er rett.

I dom av 18. juni 2025 avgjorde Høgsterett kva som er «anbefalt vaksine» etter pasientskadelova, HR-2025-1141-a.

Spørsmålet var om revaksinasjonen med MMR-vaksine kunne sjåast på som ein anbefalt vaksine etter pasientskadelova § 3 andre ledd og smittevernlova. Om den var det, ville det vere lettare å få erstatning fordi det er eit lågare beviskrav (for årsakssamanheng mellom skaden og vaksinen) i desse sakene.

Vi har praktisert regelen slik at «anbefalt vaksine» er vaksinar som er omfatta av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet. Programmet er tatt inn i ei eiga forskrift til smittevernloven § 3-8.

Spørsmålet for Høgsterett var om også vaksinar utanfor det nasjonale vaksinasjonsprogrammet kan vere anbefalt.

Erstatningssøkar meinte at anbefalte vaksinasjonar etter pasientskadelova § 3 andre ledd omfattar alle vaksinasjonar innanfor felten til smittevernlova. Dette var Høgsterett ikkje einig i.

Saka gjaldt ei vaksen kvinne som fekk MS etter andre dose med ein MMR-vaksine. Vaksinen blei ikkje tatt som ledd i det nasjonale vaksinasjonsprogrammet, men etter oppfordring frå kommunelegen.



Høgsteretts fleirtal meiner at anbefalte vaksinasjonar etter smittevernlova omfattar vaksinasjonar gitt etter nasjonalt vaksinasjonsprogram. Vaksinasjonar som er anbefalte av kommunale myndigheiter, som i denne saka, blir ikkje rekna som anbefalt vaksine. Dette gjeld sjølv om oppfordringa skjer i samråd med Folkehelseinstituttet (FHI), og har forankring i FHIs vaksinasjonsretteljar. Det var derfor ikkje eit lågare beviskrav, og det var ikkje årsakssamanheng mellom MS og vaksinen.

Kvinna hadde ikkje rett til erstatning.

Dette er ein viktig dom for oss fordi Høgsterett gjer kva tydeleg som er omfatta av omgrepet «anbefalt vaksine» i lovteksten.

Dommen viser at vi har praktisert den gunstigare bevisregelen om vaksine i pasientskadelova § 3 andre ledd og smittevernlova rett og at vi kan fortsette praksisen vår.

Kontaktmøte i 2025

Også i 2025 har vi gjennomført kontaktmøte med fleire brukar- og profesjonsforeiningar. Formålet med desse er todelt, både få og gi informasjon, altså bidra til betre innsikt begge vegar.

Møte med brukarforeiningar

Møta med brukarforeiningane Personskadeforbundet, Pasientskadeforeninga og Kreftforeninga gir oss gode innblikk i dei erfaringane erstatningssøkarane har med saksbehandlinga i NPE. Det var stor breidde i temaa foreiningane tok opp med oss.



Temaa har variert frå NPEs praksis med heimebesøk til dei teknisk vanskelege berekningane av eit framtidig tap i pensjon.

Frå NPE side har møta blitt nytta til både å gi generell status i arbeidet vårt, og særleg status med å følge opp oppfordringane som blei gitt i evalueringsrapporten frå ekspertgruppa. Det siste har også vore etterspurt frå brukarorganisasjonane.

Møte med profesjonsforeiningar

NPE hadde i 2025 møte med følgande profesjonsforeiningar: Advokatforeininga, Legeforeininga, Tannlegeforeininga og Sykepleieforbundet.

Av desse foreiningane, skil Advokatforeininga seg ut frå dei andre foreiningane da Advokatforeininga målberer tilbakemeldingar til oss på vegner av klientane sine, det vil seie erstatningssøkarane våre. Fokus i møtet med denne foreininga var derfor til dels samanfallande med møta med brukarforeiningane. Av tema som blei diskuterte med Advokatforeininga var blant anna NPEs saksbehandlingsrutinar i saker der det er usikkerheit om pasientskadeparagraf 4 i lova er oppfylte (NPE skal ikkje behandle ei sak dersom skaden ikkje har gitt tap på over 10 000 kroner eller er ein varig skade).

Møta med Legeforeininga, Tannlegeforeininga og Sykepleieforbundet hadde eit anna fokus da desse foreiningane representerer aktørar i helsetenesta og ikkje erstatningssøkarane.

Frå NPEs side blei også desse møta brukte til å presentere status, inkludert informasjon om arbeidet med å følge opp evalueringsrapporten frå ekspertgruppa. Eit viktig tema i alle desse tre møta blei korleis erfaringane frå sakene NPE behandlar kan brukast i arbeidet til helsetenesta med pasientsikkerheit. I møtet med Tannlegeforeininga blei det også diskutert erfaringar med den nye tilskotsportalen for privat helseteneste som NPE lanserte i 2024.


Koronavaksinesaker

Det er framleis stor interesse rundt moglege skadar som følge av koronavaksinane. NPE fekk 226 krav om erstatning etter slike vaksinar i 2025. Det er ein nedgang frå 2024 (540 saker), men talet er høgare enn det vi trudde ved starten av året. Til saman har NPE tatt imot 2446 saker om koronavaksinar sidan 2021.

Også i 2025 har det vore mykje diskusjon om og kritikk av NPEs forståing av det særlege regelverket som avgjer om erstatningssøkarar har rett til erstatning for skadar dei meiner har komme som ei følge av koronavaksinar. I kritikken har det vore hevda at NPE ikkje følger Høgsteretts sin praksis ved behandling av desse sakene. Kritikken har gått på at NPE har for streng forståing av regelverket og praksis og at vi gjennom det nektar vaksineskadde erstatning dei eigentleg har rett på.

Gjennom 2025 har NPEs klageorgan, Nasjonalt klageorgan for helsetenesta, behandla ei rekke klager på NPEs avslag til erstatningssøkarar som meiner dei har fått skadar etter å ha tatt koronavaksine. I all hovudsak har klageorganet halde oppe NPEs avslag, men i to saker i 2025 har klageorganet gitt søker medhald.

Per årsskiftet 2025/2026 er det fleire saker på veg inn til behandling i domstolane og i ei sak kom det dom frå tingretten i desember 2025. I denne saka fekk erstatningssøkar medhald i kravet om rett til erstatning, men denne dommen er ikkje rettskraftig. NPE ser fram til å få rettskraftige dommar på området.



Sidan dei første vaksine blei sett i romjula 2020, har NPE tatt imot 2446 saker og har gitt rett til erstatning i 464 saker. I 1824 saker har erstatningssøkar enten fått avslag på søknaden eller saka har blitt lagd bort utan ytterlegare behandling. Ved slutten av 2025 var 158 saker ikkje avgjorde.

Totalt har NPE utbetalt litt over 61 millionar kroner i erstatning til erstatningssøkarar som har fått skade som følge av koronavaksinar.

Nesten halvparten av dei som så langt har hatt rett til erstatning, har fått erstatning for ekstra utgifter som følge av menstruasjonsforstyringar. Dette er den klart hyppigaste skaden som følge av koronavaksinen. I 72 tilfelle er det gitt erstatning for betennelsar i hjarteposen eller i hjartemuskel, og det er gitt rett til erstatning i 45 tilfelle av hudutslett. Dei andre 142 sakene der det er gitt rett til erstatning dreier seg om ulike tilstandar, for eksempel blodpropp, forbigåande hovudverk, sjukdommar i musklar og skjelettsystemet og VITT-syndrom (låge blodplater).

Vi utviklar oss som leiarar

Vi arbeider systematisk med å styrke leiarkompetansen i NPE. Gjennom året har vi lagt til rette for tiltak som gir leiarane høve til refleksjon og læring, blant anna gjennom interne leiartreff, deltaking på eksterne seminar (som «Verktøykassa til leiaren» på BI) osv. I tillegg har fleire av mellomleiarane våre deltatt i DFØs mellomleiarforum.

Målet er at leiarane skal leie i tråd med strategien vår og leiarprinsippa til staten. Vi ser på leiing som ein kontinuerleg læringsprosess, der utvikling skjer både fagleg og personleg. Formålet er å skape gode resultat gjennom medarbeidarane og bidra til ein kultur prega av tillit, samarbeid og måloppnåing.

I løpet av året har vi hatt ei særleg satsing på utvikling av toppleiargruppa. Vi har gjennomført eit leiarutviklingsprogram for leiargruppa frå direktøren, med utgangspunkt i «Grunnlag for god leiing i staten». Vi har lagt særleg vekt på korleis eiga leiarrolle påverkar leiing nedover og utover i organisasjonen. Eit viktig element har vore sjølvrefleksjon – å utvikle seg sjølv som leiar og finne tryggleik i eigen leiarskap. Dette har vi gjort gjennom individuelle refleksjonsoppgåver, erfaringsdeling og felles diskusjonar.

Programmet har kombinert fysiske samlingar med teori og praktiske verktøy. Hensikta har vore å styrke både det individuelle leiarskapen og samspelet i leiargruppa. Vi har brukt interne ressursar til å fasilitere arbeidet. Opplegget blei avslutta mot slutten av året, men arbeidet med leiarutvikling fortset – gjennom temamøte, refleksjonsarbeid og samlingar.

Vi har gjennomført medarbeidarundersøking

Da vi gjennomførte medarbeidarundersøkinga i 2022, brukte vi verktøyet «Medarbeidarundersøkinga i staten» (MUST) for første gong. MUST er utvikla til bruk for statlege verksemder. Den legg vekt på arbeidsmiljøfaktorar og er utvikla av Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI).

Denne gongen kunne vi derfor samanlikne tala med vår eiga undersøking tre år tidlegare. I tillegg kunne vi samanlikne oss med 72 andre statlege verksemder som har gjennomført undersøkinga dei siste åra.

Tilbakemelding om resultatata blei gitt for NPE samla og for avdelingar og seksjonar. Bedriftshelsetenesta hjalp til i arbeidet. Oppfølging av resultatata har vore ei viktig oppgåve for leiarar og medarbeidarar i tida etter undersøkinga.

Svarprosenten var 86 prosent, som er ein del høgare enn i 2022. Dermed gir undersøkinga oss eit godt grunnlag for å vurdere arbeidsmiljøet i NPE.

Kva resultat fekk vi?

Overordna gir undersøkinga eit godt resultat, både sett i forhold til eiga undersøking i 2022 og vurdert opp mot andre verksemder.

Undersøkinga bekreftar at vi har eit godt sosialt klima og at mange opplever at dei har støtte frå kollegaene sine. Det er eit tillitsfullt og godt forhold mellom tilsette og næraste leiar. Dette gir ei høg grad av psykologisk tryggleik, der det er rom for å ta opp saker med både positivt og negativt forteikn.

Vi ser også at vi har høg rolleklarheit og bra jobbegasjement. Eit anna viktig område er balansen mellom jobb og privatliv, og her seier eit klart fleirtal at det fungerer godt. Dette er noko vi veit har mykje å seie for trivsel og jobbegasjement over tid.

I oppfølgingsarbeidet er det viktig å ta vare på og bygge vidare på dei faktorane der vi skårar høgt. Så ser vi samtidig at det er nokre område vi kan forbetre. Det gjeld blant anna kompetanseutvikling og balansen mellom innsats og påskjønning. Det er område vi jobbar vidare med.

Sakkunnigtenester

Endring av betalingsordninga og anskaffingsmåten

2025 var prega av store endringar innan sakkunnigområdet. I juni 2025 innførte NPE ny betalingsordning med stykkpris per sakkunnigvurdering i staden for betaling per time. I samband med endringa blei tidlegare avtalar sagt opp, og dei sakkunnige som ønskt å fortsette måtte inngå ny avtale.

Betaling med stykkpris har gitt NPE betre styring og kostnadskontroll og betre grunnlag for å estimere kostnader.

Etter oppfordring frå Norsk helsenetts anskaffingsmiljø har vi også endra måten vi skaffar avtalar med sakkunnige. Spesialistar som er interesserte i avtale med NPE, kan nå pre-kvalifisere seg til ein pool for å delta i kommande anbuds konkurransar. Det gir oss moglegheit for å skaffe nye sakkunnige langt raskare enn før.

Sakkunnige med avtale i NPE

Vi opplever å ha god tilgang på sakkunnige. I 2025 var det på det meste rundt 150 sakkunnige med avtale i NPE. Etter omlegginga av betalingsordninga første halvår var det ved årets slutt 100 sakkunnige med avtale. Det har ikkje vore fleire utfordringar enn tidlegare med å inngå avtale med nye sakkunnige

Sakkunnigoppdrag i 2025

I 2025 blei det skriva i alt 7924 sakkunnigvurderingar av sakkunnige med avtale. Det er ein auke frå 2024 med 9 prosent.

I tillegg til sakkunnige med avtale, nyttar NPE rundt 300 sakkunnige som tar enkeltoppdrag. Totalt er det skriva 473 sakkunnigvurderingar i 2025 av sakkunnige som tar enkeltoppdrag. Det var ein auke frå året før kor det blei det skriva 374 vurderingar.

Opplæring

I 2025 starta NPE eit arbeid med å utarbeide nytt opplæringsmateriell for sakkunnige.

Ein av dei erfarne medarbeidarane våre har i 2025 gått gjennom fleire vurderingar frå sakkunnige med avtale innan dei fleste spesialitetar. Gjennomgangen har vist god kvalitet. Innspel og rettleiing er tatt godt imot frå dei sakkunnige, og vi har fått nyttige tilbakemeldingar frå dei.

VI-A. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning

1. Leiingskommentarar

Formål

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for Norsk pasientskadeerstatning.

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ei statleg verksemd underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. NPE behandlar erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for verksemda for drifta blir ført etter kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta består av tre utgiftspostar og to inntektspostar, som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE får tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjetttrammene for drifta.

NPE forvaltar desse to fonda:

Norsk pasientskadeerstatning – fond for offentleg helseteneste skal finansiere utbetalingar av erstatningar til pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Inntektene til fondet består av tilskot frå regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Kvart år blir det tilskot innbetalt til fondet basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved første fakturering det etterfølgande året.

Fondet skal ikkje dekke driftsutgifter i Norsk pasientskadeerstatning, driftsutgifter i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage), eller erstatningssøkarar utgifter til advokatar. Driftsutgifter og utgifter til erstatningssøkarar bruk av advokatar blir belasta høvesvis post 01 og post 70.

Norsk pasientskadeerstatning – fond for privat helseteneste skal finansiere utbetalingar av erstatningar til pasientskadar oppstått i privat helseteneste og driftskostnader til å behandle saker om erstatning. Inntektene til fondet består av tilskot betalte av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Driftskostnadene omfattar saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, utgifter til IKT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste.

Dekning av driftskostnadene i fondet omfattar saksbehandling i NPE og Helseklage. Driftskostnadene for NPE blir inntektsførte i NPE på post 50.

Bekrefting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med Reglementet for og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. punkt 3.4. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkande bilde av NPEs disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

NPE hadde i 2025 eit netto mindreforbruk på 9,9 mill. kroner.

Utgiftskapittel	0741.01	0741.70	0741.71	Sum utgifter
Årets tildeling	258 613 000	56 314 000	35 909 000	350 836 000
Overført frå 2024	3 556 000			3 556 000
Lønnsoppgjjer / omgruppering	4 392 000	-12 000 000		-7 608 000
Samla tildeling kap. 741	266 561 000	44 314 000	35 909 000	346 784 000
Rekneskap	297 709 567	42 664 737	40 071 606	380 445 910
Avvik tildeling og rekneskap	-31 148 567	1 649 263	-4 162 606	-33 661 910


NPE hadde i 2025 266,6 mill. kroner i samla tildeling på post 01. Samanlikna med 2024, er det ein auke på 12,7 mill. kroner.

Post 01 Driftsutgifter

Meirforbruket på 31,1 mill. kroner må sjåast i samanheng med meirinntektene på kap. 3741, post 02 og kap. 3741, post 50 på i alt 41,1 mill. kroner. Netto mindreforbruk utgjer 9,9 mill. kroner. Mindreforbruket skal i sin heilskap brukast til nedbetaling etter fullmakt gitt i 2021 til å overskride budsjettet i samband med skifte av lokale og IT-investeringar.

(tal i 1 000 kroner)	741.01	3741.02	3741.50
Løyving	258 613	7 923	26 018
Overført frå 2024	3 556	-	-
Lønnsoppgjjer	4 392	-	-
Total løyving	266 561	7 923	26 018
Rekneskap	297 710	26 237	48 778
Meirforbruk	31 149		
Meirinntekter	41 074		
Netto mindreforbruk	9 925		
Utnyttingsgrad	100 %		

Kostnadsfordeling 2025 post 01



Nærare om enkelte store utgiftspostar på post 01

Totale utgifter til lønn var i 2025 148,1 mill. kroner, inkludert 10,5 mill. kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK), arbeidsgivaravgift på 18,4 mill. kroner og refusjonar på 6,9 mill. kroner. I tillegg har vi betalt 1,1 mill. kroner til sakkunnige som får utbetalt honoraret sitt som lønn.

Totale utgifter til lønn auka med 2,5 mill. kroner frå 2024. Dette kjem i hovudsak av to lønnsoppgjer med effekt i 2025, der forseinka lønnsoppgjer i staten frå 2024 utgjorde 3,6 mill. kroner. Samanliknbare lønnskostnader viser ein nedgang. Det kjem av at vi gjennom året har halde stillingar ledig for å halde budsjettet. Pensjonskostnader til Kommunal Landspensjonskasse (KLP) blei betalte frå premiefond³.

Utgiftene til sakkunnige var i 2025 på 45,3 mill. kroner. Utgiftene er reduserte med 4,4 mill. kroner frå 2024. Dette kjem av omlegging til ny betalingsordning for sakkunnigoppdrag.

NPE brukte i 2025 43,7 mill. kroner på varer og tenester hos Norsk helsenett (NHN). Dette er ei følge av konsernmodellen for administrative tenester for etatar under Helse- og omsorgsdepartementet. Det er ein auke på 4,2 mill. kroner frå 2024. Tenester frå NHN består av IT-drift og brukarstøtte, dokumentasjonsforvaltning/arkiv og anskaffingar.

Kostnader til IT blei totalt 42,3 mill. kroner i 2025. Dette inkluderer ikkje IT-tenester kjøpt frå NHN, men omfattar Helseklages betaling for IT-tenester frå NPE. IT-kostnadene auka med 4,9 mill. kroner frå 2024. Auken kjem av i hovudsak arbeid med nytt saksbehandlingssystem og andre løysingar på IT-området, i tillegg til generell prisauke.

Kostnader til husleige og felleskostnader var i 2025 10,5 mill. kroner. Dette er 0,1 mill. kroner lågare enn i 2024, og kjem av avrekning av kostnader belasta i 2024.

På andre kostnader er det berre mindre endringar samanlikna med 2024.

Post 70 Advokatutgifter

Posten dekker erstatningssøkars utgifter til advokathjelp etter pasientskadelova § 11. Totale utgifter i 2025 blei 42,7 mill. kroner. Det er eit mindreforbruk på 1,6 mill. kroner. Ordninga er rettsbasert.

Post 71 Særskilde tilskot

Posten dekker utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadar. Det blei i 2025 betalt ut 40,1 mill. kroner i erstatningar frå denne posten, som gir eit meirforbruk på 4,2 mill. kroner. Det er nokre få, store utbetalingar som driv kostnadene her. Dei ti største erstatningsutbetalingane stod for over 80 prosent av dei totale utbetalingane. Talet på saker til utbetaling blei reduserte frå 92 saker i 2024 til 59 saker i 2025. Ordninga er rettsbasert.

³ Saldo på premiefond i KLP per 31.12.2025 var 2,9 mill. kroner. Det er en økning på 0,5 mill. kroner etter betaling av årets pensjonskostnader. Ordningen ble i 2003 lukket for nye medlemmer.

Inntektskapittel 3741

Inntektskapittel	3741.02	3741.50	Sum inntekter
Årets tildeling	7 923 000	26 018 000	33 941 000
Samla inntektskrav	7 923 000	26 018 000	33 941 000
Rekneskap	26 237 009	48 778 170	75 015 179
Avvik tildeling og rekneskap	-18 314 009	-22 760 170	-41 074 179
Meirforbruk post 01, 02 og 50	9 925 612		

Meirinntektene må sjåast i samanheng med kap. 074, post 01. NPE har meirinntektsfullmakt til å dekke opp meirutgifter på post 01.

Post 02 Diverse inntekter

NPE behandlar krav om erstatning som følge av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS. Inntektene frå behandling av legemiddelsaker var i 2025 på 2,9 mill. kroner, som er 0,6 mill. kroner høgare enn i 2024.

NPE leverer IT-tenester til Helseklage, som betalte 23,3 mill. kroner for desse tenestene i 2025. Det er 1,8 mill. kroner meir enn i 2024. Det heng saman med arbeidet med nytt saksbehandlingssystem og modernisering av andre digitale løysingar.

Totale meirinntekter på post 02 var i 2025 18,3 mill. kroner.

Post 50 Premie frå private

På posten blir inntekter førte som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste. Midlane blir overførte frå Norsk pasientskadeerstatning - fond for privat helseteneste, og blir inntektsført på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekke utgiftene knytte til pasientskadesaker frå dette området.

Meirinntekta er på 22,8 mill. kroner i 2025, som er 1,2 mill. kroner meir enn i 2024. Endringa kjem i hovudsak av avrekning frå 2024.

For NPE viser dei totale driftsinntektene 75,0 mill. kroner og ei meirinntekt på 41,1 mill. kroner.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og bekreftar årsrekneskapen for Norsk pasientskadeerstatning. Vurdering av rekneskapen vil komme fram av revisjonsrapporten som NPE får våren 2026. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2026



Kristin Cordt-Hansen
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen for NPEs drift

Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for NPEs drift er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1 og nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2025, inkludert punkt 8 «Tilpassingar og nærare krav for statlege fond», og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "Netto rapportert til løyvingsrekneskapen" er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga i staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postar i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forplikningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Tatte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for «Samla tildeling», men blir bokførte og rapporterte ikkje til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Tatte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakt og blir derfor ikkje viste i kolonnen for «Rekneskap». Dei tatte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa.

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein

trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte, og er derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. I tillegg viser nóta til artskontorapporteringa *Sammenheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa* bokførte tal frå

kontospesifikasjonen for verksemda i kolonnen «Spesifisering av bokført avrekning med statskassa». Nóta viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (under dette saldo på kunde- og leverandørreskonto) og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomværendet med statskassa.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følger krava i føresegner om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifisering av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokført. Føresegnene krev blant anna utarbeiding av kundespesifisering og leverandørspesifisering. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokført i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2025			
	Note	2025	2024
Driftsinntekter rapporterte til løvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	48 778 170	50 044 787
Sals- og leigeinnbetalningar	1	26 237 009	23 796 664
Andre innbetalningar	1	10 200	7 200
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		75 025 379	73 848 651
Driftsutgifter rapporterte til løvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	150 716 424	147 948 451
Andre utbetalningar til drift	3	145 343 118	140 143 994
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		296 059 542	288 092 445
Netto rapporterte driftsutgifter		221 034 163	214 243 794
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	0	0
Utbetaling til kjøp av aksjar	5, 8	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	3 257	442
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		3 257	442
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		3 257	442
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	0	0
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	82 736 343	86 059 770
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		82 736 343	86 059 770
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		302 008	304 714
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		18 477 069	18 820 686
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		21 951 627	19 758 219
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		3 172 550	632 820

Netto rapportert til løvingsrekneskapen	306 946 313	300 936 825
Oversikt over mellomverande med statskassa		
Eigedelar og gjeld	2025	2024
Fordringar på tilsette	36 400	0
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-5 566 474	-4 738 633
Skuldige offentlege avgifter	-47 452	-8 110
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-4 788 291	-4 798 474
Mottatte forskotsbetalingar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	0	0
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	-26 388	0
Sum mellomverande med statskassa	8	-9 545 217

Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2025									
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindreutgift	Postert på tatte belastnings fullmakter	Avvik frå tildeling
0741	Norsk pasientskadeerstatning	01	Driftsutgifter	A, B	266 561 000	296 052 599	-29 491 599	1 656 968	-31 148 567
0741	Norsk pasientskadeerstatning	70	Advokatutgifter	A, B	44 314 000	42 664 737	1 649 263		
0741	Norsk pasientskadeerstatning	71	Særskilde tilskot	A, B	35 909 000	40 071 606	-4 162 606		
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten	Artskontor-app.	0	21 951 627			
Sum utgiftsført					346 784 000	400 740 569			
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Postert på tatte belastnings fullmakter	Avvik frå tildeling
3741	Norsk pasientskadeerstatning	02	Diverse inntekter		7 923 000	26 237 009	18 314 009		
3741	Norsk pasientskadeerstatning	50	Premie frå private		26 018 000	48 778 170	22 760 170		
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter		0	302 008			
5700	Inntektene til folketrygda	72	Folketrygda		0	18 477 069			
Sum inntektsført					33 941 000	93 794 256			
Netto rapportert til løyingsrekneskapen						306 946 313			
Kapitalkontoar Kapitalkontoar									
60080001	Noregs Bank KK /innbetalingar					82 799 612			
60080002	Noregs Bank KK/utbetalingar					-388 898 937			
707010	Endring i mellomverande med statskassa					-846 987			
Sum rapportert						0			
Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)									
Konto	Tekst				2025	2024	Endring		
707010	Mellomverande med statskassa				-10 392 205	-9 545 217	-846 987		

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingane i år	Budsjett pr. 2025.09.30 Prp: lønnsoppgjer	Budsjett pr. 2025.11.21 Prp: p20/25-26 - saldering	Samla tildeling
074101	3 556 000	258 613 000	4 392 000	0	266 561 000
074170	0	56 314 000	0	-12 000 000	44 314 000
074171	0	35 909 000	0	0	35 909 000

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

NPE har fullmakt til å bruke meirinntekter utover tildelt løyving på kap. 3741 post 02 og 50 til å dekke meirutgifter under kap. 741 post 01. For 2025 utgjør samla meirinntekter 41,1 mill. kroner. Dette blir nytta til å dekke meirutgifter under kap. 741 post 01.

NPE har gitt belastningsfullmakt til Helsedirektoratet/Helfo på inntil 2,0 mill. kroner per år der 1,7 mill. kroner blei nytta i 2025. Dette følger av at vi har effektivisert arbeidet med innkrevjing av betaling for journalkopiar frå helsetenesta. Betaling skjer i hovudsak gjennom Helfos system.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i samsvar med tatte belastning-fullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter tatte belastning- fullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinnteftsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
074101/374102/374150	-29 491 599	-1 656 968	-31 148 567	41 074 179	9 925 612	13 328 050	9 925 612
074170	1 649 263		1 649 263		1 649 263		
074171	-4 162 606		-4 162 606		-4 162 606		

Innbetalinger frå tilskot og overføringar består av belastning av driftsutgifter frå Norsk pasientskadeerstatning – fond for privat helseteneste. Driftsutgifter frå fondet blei reduserte med 1,3 mill. kroner i 2025 samanlikna med 2024. Denne reduksjonen kjem av avrekning frå 2024.

Inntekter frå behandling av legemiddelsaker auka med 0,6 mill. kroner samanlikna med 2024.

Inntekter frå Helseklage knytt til IT-tenester har auka med 1,8 mill. kroner. Det heng saman med arbeidet med nytt saksbehandlingssystem og modernisering av andre digitale løysingar.

Note C Oversikt over bindingar på framtidige års løyvingar				
Avtalar om leie av kontorlokale inkludert felleskostnader				
Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av løyvinga neste år	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				0
Varigheit 1-5 år				0
Varigheit over 5 år	9 768 704	9 768 704	48 843 520	58 612 224
Totalt	9 768 704	9 768 704	48 843 520	58 612 224

Andre vesentlege leigeavtalar*				
Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av løyvinga neste år	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				0
Varigheit 1-5 år				0
Varigheit over 5 år				0
Totalt	0	0	0	0

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester				
Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg beløp	Av løyvinga neste år	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år	3 294 000	3 294 000	0	3 294 000
Varigheit 1-5 år	1 512 000	1 512 000	1 512 000	3 024 000
Varigheit over 5 år	4 033 093	4 033 093	28 979 598	33 012 691
Totalt	8 839 093	8 839 093	30 491 598	39 330 691

Dette er med i oversikta:

- Vi har lagt til grunn at vesentlege avtalar er avtalar som har årleg verdi på 500 000 kroner eller meir.
- Vesentlege avtalar knytte til tenestekjøp gjeld kantinetenester og tenester til IT drift og nytt saksbehandlingssystem.
- For avtalar utan sluttdato har vi estimert levetida, og inkludert beløp i tabellen ovanfor.
- Der vi har felles avtalar med Nasjonalt klageorgan, er det berre NPE sin del som inngår.
- Avtalar med statlege verksemder, som Norsk helsenett, er ikkje med i oversikta.

Note 1 Innbetalinger frå drift		
	31.12.2025	31.12.2024
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>	0	0
Sum innbetalinger frå gebyr	0	0
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
Andre tilskot og overføringar (3741.50)	48 778 170	50 044 787
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	48 778 170	50 044 787
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Inntekt legemiddelsaker	2 940 898	2 325 490
Innbetaling frå Helseklage, IKT-utgifter	23 296 111	21 471 174
Sum sals- og leigeinnbetalinger	26 237 009	23 796 664
<i>Andre innbetalinger</i>		
Anna driftsrelatert inntekt	10 200	7 200
Sum andre innbetalinger	10 200	7 200
Sum innbetalinger frå drift	75 025 379	73 848 651

Note 2 Utbetalinger til lønn		
	31.12.2025	31.12.2024
Lønn	125 764 912	120 250 892
Arbeidsgivaravgift	18 477 069	18 820 686
Pensjonsutgifter*	10 540 676	11 571 293
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 880 412	-5 377 816
Andre ytingar	2 814 179	2 683 397
Sum utbetalinger til lønn	150 716 424	147 948 451

*Premiesatsen for arbeidsgivaravgift utgjorde i 2025 14,1 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2025 rapportert til Statens pensjonskasse), som er den same som i 2024.

Mengde utførte årsverk:	140	147
Lønn og andre ytingar til verksemdsleiar	2025	2024
Direktør Kristin Cordt-Hansen	1 652 108	1 484 351
Lønn og andre ytingar til styreleiar og dei enkelte medlemmene av styret	0	0

Note 3 Andre utbetalinger til drift		
	31.12.2025	31.12.2024
Husleige	9 456 636	9 239 324
Hald egne bygg ved like og lag til	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	40 235	9 874
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 865 891	2 251 919
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osb.	0	0
Mindre utstyrsanskaffingar	88 260	205 371
Leige av maskiner, inventar og liknande	7 862 161	4 726 229
Kjøp av konsulenttenester	52 349 884	41 664 655
Kjøp av andre framande tenester	71 238 579	79 210 181
Reiser og diett	324 435	354 586
Andre driftsutgifter	2 117 038	2 481 856
Sum andre utbetalinger til drift	145 343 118	140 143 994

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter		
	31.12.2025	31.12.2024
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Inntekter frå egedelar i selskap m.m.	0	0
Salssum ved realisasjon av verdipapir	0	0
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2025	31.12.2024
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	3 257	442
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	3 257	442

Utbetalinga av finansutgifter gjeld renter og gebyr på forseinka betaling av fakturaer.

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar		
	31.12.2025	31.12.2024
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	0	0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verkøy og liknande	0	0
Sum utbetaling til investeringar	0	0
	31.12.2025	31.12.2024
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		
	31.12.2025	31.12.2024
Tilfeldige og andre inntekter	0	0
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		
	31.12.2025	31.12.2024
Tilskot til ikkje-finansielle føretak (advokatutgifter) – Post 70	42 664 737	50 056 891
Tilskot til hushald (erstatningar vaksinesaker) – Post 71	40 071 606	36 002 879
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	82 736 343	86 059 770

Advokatutgifter (post 70) er reduserte med 7,4 mill. kroner samanlikna med 2024. Ordninga er rettsbasert.

Særskilde tilskot (post 71) dekker erstatningar i saker der staten har særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadesaker. Særskilde tilskot er auka med 4,0 mill. kroner samanlikna med 2024. Posten viser eit meirforbruk på 4,0 mill. kroner i 2025. Auken har samanheng med at gjennomsnittleg erstatningsutbetaling per sak nesten dobla seg i 2025 samanlikna med 2024. Talet på saker til utbetaling blei reduserte frå 92 saker i 2024 til 59 saker i 2025. Ordninga er rettsbasert.

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa
Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa

	31.12.2025	31.12.2025	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassa	Differanse
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	36 400	36 400	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Fordringar vedrørande innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	0	0	0
<i>Sum</i>	36 400	36 400	0
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld*	-7 677 811	0	-7 677 811
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-5 566 474	-5 566 474	0
Skuldige offentlege avgifter	-47 452	-47 452	0
Anna kortsiktig gjeld	-1 247 825	-4 814 679	3 566 854
Gjeld vedrørande tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	0	0	0
<i>Sum</i>	-14 539 562	-10 428 605	-4 110 957
Sum	-14 503 162	-10 392 205	-4 110 957

*Leverandørgjeld oppgir fakturaer frå 2025 med forfall i 2026. Av desse var faktura frå Statens pensjonskasse 6. termin 2025 på 4,8 mill. kroner den største.

VI-B. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning - fond for offentlig helseteneste

1. Leiingskommentarar

Formålet og myndigheita til fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett Instruks for Norsk pasientskadeerstatning - fond for offentlig helseteneste. Formålet med fondet er å finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentlig helseteneste. Fondet skal ikkje dekke driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE), i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage) eller erstatningssøkarars utgifter til advokatar.

Føresegner som myndigheitene har fastsett, og som definerer offentlig helseteneste: Forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om verkeområda i pasientskadelova og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helse- og omsorgsteneste § 3. Det kjem fram av pasientskadelova kva vilkår som må vere oppfylte for å få erstatning for skadar valda i offentlig helseteneste. Erstatning for økonomisk tap blir regulert av lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning og ulovfesta erstatningsrett.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølv dekke utgiftene til erstatningar for skadar oppstått som følge av behandling gitt av tenester organiserte hos desse. Det skal ikkje vere krysssubsidiering mellom nivåa. Dei årlege tilskota blir utarbeidde baserte på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved første fakturering det etterfølgande året. Fylkeskommunar og kommunar innbetaler tilskot ein gong per år. Dei regionale helseføretaka innbetaler tilskot til fondet i fire terminar per år.

Bekrefting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av disponible midlar, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingssrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2025 blei det utbetalt 0,9 milliardar kroner i erstatningar for skadar i offentlig helseteneste. Det er ein reduksjon på over 20 prosent samanlikna med 2024. Nedgangen i utbetalingar har samanheng med at færre erstatningssøkarar fekk utbetalt erstatning og lågare gjennomsnittsbeløp.

Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2025 er 26,7 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 6,4 mill. kroner frå 2024.

Totale overføringar til fondet blei reduserte med 286,3 mill. kroner samanlikna med 2024.

Reduksjon i resultatet frå fondet kjem av at prognosen for erstatningsutbetalingar var lågare i 2025 enn i 2024, og at totalt tilskot for 2025 blei redusert med avrekning frå 2024. Både lågare prognose og avrekning frå 2024 førte til at dei totale overføringane til fondet i 2025 blei mindre enn i 2024.

Dei faktiske erstatningsutbetalingane i 2025 skulle vore 10,6 mill. kroner lågare enn rekneskapen viser. Det kjem av ein feil i avrekninga for 2025 av saker som gjeld både privat og offentleg helseteneste. Avrekning av differansen blir gjort i januar 2026.

Instruksen, som er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, fastslår at fondet skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det betyr at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytte til offentleg helseteneste og utbetaling av erstatningar, blir ført over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen er presentert etter kontantprinsippet, og skal vareta krava i instruksen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og bekreftar årsrekneskapen Norsk pasientskadeerstatning - fond for offentleg helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil komme fram av revisjonsrapporten som fondet får våren 2026. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2026



Kristin Cordt-Hansen
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2025.

Norsk pasientskadeerstatning – fond for offentlig helseteneste, blei oppretta i 2002. Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå dei andre midlane frå staten, der bruken er bunde til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår. Fondet har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga i staten og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoane blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og forpliktingar som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, blir viste i oppstillingas nedre del.

Det er utarbeidd ein eigen prinsippnote til fondsrekneskapen.

3. Prinsippnote til fondsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen svarer til oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er forskjellen mellom overføring til og frå fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen blir kortsiktige fordringar omtalte. Opplysninga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskott eller tilbakebetaling av kapitalinnskott i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskotten fondskapital.

Fondet består utelukkande av statlege midlar, og staten disponerer derfor midlane i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet førast både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (egedelar) i kontogruppe 64.

4. Samanheng mellom prognose, avrekning og rekneskap

Prognose og avrekning	2025	2024	Differanse
Prognose regionale helseføretak (RHF)	800 000 000	1 050 000 000	-250 000 000
Avrekning RHF førre år	-23 695 681	-6 752 398	-16 943 283
Sum innbetalt frå statlege rekneskapar	776 304 319	1 043 247 602	-266 943 283
Prognose fylkeskommunar	6 000 000	6 000 000	0
Avrekning fylkeskommunar førre år	-1 175 100	-4 416 895	3 241 795
Sum innbetalt frå fylkeskommunar	4 824 900	1 583 105	3 241 795
Prognose kommunar	180 000 000	180 000 000	0
Avrekning kommunar førre år	-26 062 633	-3 488 319	-22 574 314
Sum innbetalingar frå kommunar	153 937 367	176 511 681	-22 574 314
Sum overføringar til fondet	935 066 586	1 221 342 388	-286 275 802
Prognose erstatningsutbetalingar	986 000 000	1 236 000 000	-250 000 000
Prognose resultatet i perioden	-50 933 414	-14 657 612	-36 275 802

Rekneskap	2025	2024	Differanse
Tilskot frå regionale helseføretak	776 304 319	1 043 247 603	-266 943 284
Tilskot frå statlege verksemdar	776 304 319	1 043 247 603	-266 943 284
Tilskot frå fylkeskommunar	4 824 901	1 583 104	3 241 797
Tilskot frå kommunar	153 937 375	176 511 692	-22 574 317
Tilskot frå fylkeskommunar og kommunar	158 762 276	178 094 796	-19 332 520
Sum overføringar til fondet	935 066 595	1 221 342 399	-286 275 804
Erstatningsutbetalingar	941 461 958	1 193 179 692	-251 717 734
Bank- og kortgebyr*	730	597	133
Resultatet i perioden	-6 396 093	28 162 110	-34 558 203

* korrigert for inngåande balanse og opne postar jf. kontantprinsippet.

5. Oppstilling av løyvingrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyvingrapportering per 31.12.2025

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	2025
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	33 125 365
Endringar i perioden	-6 396 093
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	26 729 272

Tabell 2. Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2025

Konto	Tekst	2025	2024	Endring
640701	Opgjerskonto i Noregs Bank	26 729 272	33 125 365	-6 396 093
810701	Fondskapital	-26 729 272	-33 125 365	6 396 093

Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Driftsutgiftene i fondet blir dekte over NPEs ordinære driftsløyving på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Erstatningssøkarars utgifter til advokathjelp etter pasientskadelova § 11 blir dekt over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet får ikkje løyvingar over statsbudsjettet. Endring i fondskapitalen inkluderer endringar i saldo for interimskonto.

6. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgiftene til fondet, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	Note	2025	2024
Overføringar til fondet:			
Tilskot frå statlege verksemder	1	776 304 319	1 043 247 603
Tilskot frå fylkeskommunar	1	4 824 901	1 583 104
Tilskot frå kommunar	1	153 937 375	176 511 692
Sum overføringar til fondet	1	935 066 595	1 221 342 399
Overføringar frå fondet:			
Erstatningsutbetalingar	2	941 461 958	1 193 179 692
Anna	2	730	597
Sum overføringar frå fondet	2	941 462 688	1 193 180 289
Resultatet i perioden		-6 396 093	28 162 110
Disponering:			
Overføring av resultatet i perioden til fondskapital ⁴		6 396 093	-28 162 110

Resultatoppstilling - kolonne 2025 og 2024 er korrigert med opne poster og inngående balanse jf. kontantprinsippet

⁴ Periodens faktiske resultat til fondskapital i 2025 skulle vært 10,6 mill. kroner høyere. Dette skyldes manglende avregning mot Norsk pasientskadeerstatning – fond for privat helsetjeneste. Avregning gjøres i januar 2026.

Resultatet i perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet i perioden er lagt til opptent fondskapital førre år.

Tabell 4. Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	2025	2024
Eigedelar:		
Oppgjerskonto i Noregs Bank	26 729 272	33 125 365
Sum eigedelar	26 729 272	33 125 365
Fondskapital og forpliktingar:		
Opptent fondskapital	26 729 272	33 125 365
Sum fondskapital og forpliktingar	26 729 272	33 125 365

Sum fondskapital og forpliktingar svarer til behaldninga på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen. Behaldninga blei redusert med 6,4 mill. kroner frå 2024 til 2025.

Reduksjonen i resultatet frå fondet kjem av at prognosen for erstatningsutbetalingar var 250 mill. kroner lågare i 2025 enn i 2024. Avrekninga i favør til dei regionale helseføretaka og kommunane frå 2024 var høgare enn avrekninga frå 2023, mens fylkeskommunane hadde noko lågare avrekning. Både lågare prognose og avrekninga frå 2024 førte til at dei totale overføringane til fondet blei lågare i 2025 enn i 2024.

Tabell 5. Overføring til fondet

Note 1 Overføringar til fondet	2025	2024	Differanse
8250 Tilskot frå regionale helseføretak	776 304 319	1 043 247 603	-266 943 284
8310 Tilskot frå fylkeskommunar	4 824 901	1 583 104	3 241 797
8300 Tilskot frå kommunar	153 937 375	176 511 692	-22 574 317
Sum overføringar til fondet	935 066 595	1 221 342 399	-286 275 804

Tilskot som blir kravd inn er basert på berekna prognose for erstatningsutbetalingar for inneverande år og ei avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar førre år. Dette følger av instruksjonen for fondet.

Netto tilskot frå dei regionale helseføretaka, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar i 2025 er redusert med 267,0 mill. kroner samanlikna med 2024. Mesteparten av denne reduksjonen kjem av at prognosen for erstatningsutbetalingar blei redusert med 250,0 mill. kroner i 2025 samanlikna med 2024. Resterande differanse på 16,9 mill. kroner kjem av auke i avrekninga i favør av dei regionale helseføretaka på 23,7 mill. kroner i 2025, samanlikna med 6,8 mill. kroner i 2024.

Netto tilskot frå kommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2024, blei reduserte med 22,6 mill. kroner. Avrekning i favør av kommunane var 26,1 mill. kroner i 2025, samanlikna med 3,5 mill. kroner i 2024.

Netto tilskot frå fylkeskommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar, auka med 3,2 mill. kroner i 2025 samanlikna med 2024.

Tabell 6. Overføring frå fondet

Note 2 Overføringer frå fondet	2025	2024	Differanse
Erstatningsutbetalingar	941 461 958	1 193 179 692	-251 717 734
Bank- og kortgebyr*	730	597	133
Sum overføringer frå fondet	941 462 688	1 193 180 289	-251 717 601

*Gjeld er fjerna for å framstille rekneskapen etter kontantprinsippet. I verksemdsrekneskapen er opne postar tilbakeførte for 2025.

Tabell 7. Erstatningsutbetalingar fordelte

Erstatningsutbetalingar fordelte	2025	2024
Regionale helseføretak	80,8 %	86,6 %
Fylkeskommunar	19,0 %	0,4 %
Kommunar	0,2 %	13,0 %
Totalt	100 %	100 %

Prosentfordelingane er baserte på tal frå internt saksbehandlingssystem.

VI-C. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning - fond for privat helseteneste

1. Leiingskommentarar

Formålet og myndigheita til fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett Instruks for Norsk pasientskadeerstatning - fond for privat helseteneste.

Fondet skal finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste og driftskostnader til å behandle saker om erstatning knytt til privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga. Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage). Inntektene til fondet blir finansierte av tilskot betalte av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Aktørar som blir rekna som tilbydarar av private helsetenester går fram av pasientskadelova § 8 og § 7 andre ledd. Jf. også § 3 i forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om verkeområdet i pasientskadelova og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helse- og omsorgstenesta. Desse aktørane har plikt til å betale tilskot til NPE.

Forskrifta gir også nærare føresegner om reguleringa av fondet, inkludert omfanget på dei årlege tilskota som skal innbetalast. Dei årlege tilskota er meinte å dekke alle kostnader knytte til skadar som oppstår i det aktuelle året. Kostnadene omfattar driftskostnader, utgifter til advokatar og erstatningar. Gjennom innbetalingar til fondet skal det avsetast midlar til framtidige erstatningsutbetalingar, inkludert skadar som har skjedd, men som ikkje er melde eller oppgjorde.

Tilskota skal justerast over tid for å korrigere for eventuelle avvik mellom den faktiske størrelsen til fondet og dei avsetningane som blir rekna som nødvendig for å dekke framtidige erstatningsutbetalingar.

Bekrefting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av disponible midlar, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvsingsrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

Fondet hadde i 2025 samla inntekter på 157,0 mill. kroner. Inntektene består av innbetalt tilskot og regresskrav. Tilskota har auka med 5,5 mill. kroner frå 2024 til 2025. Auken kjem av auke i registrerte årsverk og auke i tilskotssatsane. Regressinntektene i 2025 er auka med 1,6 mill. kroner samanlikna med 2024.

Renteinntekter frå Noregs Bank utgjør 9,8 mill. kroner og er ein auke frå 2024. Det blir forklart med at hovudfakturering av tilskot blei utført ein månad tidlegare enn i 2024, og innbetalingane dermed blei registrerte inn i bank tidlegare.

Det er utbetalt 81,9 mill. kroner i erstatningar i 2025, som er ein reduksjon på 20,7 mill. kroner samanlikna med 2024. Rekneskapen for fondet viser samla utgifter på 138,6 mill. kroner i 2025, som er ein reduksjon på 17,5 mill. kroner samanlikna med 2024.

Dei faktiske erstatningsutbetalingane i 2025 skulle vore 10,6 mill. kroner høgare enn rekneskapen viser. Det kjem av ein feil i avrekninga for 2025 av saker som gjeld både privat og offentleg helseteneste. Avrekning av differansen blir gjort i januar 2026.

I 2025 er det fire erstatningsutbetalingar på minst 3,9 mill. kroner. Samla utbetaling i desse sakene er 21,8 mill. kroner. Tilsvarende tal i 2024 er 39,5 mill. kroner på fire utbetalingar.

Fondet auka med 18,6 mill. kroner frå 2024. Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2025 er 183,0 mill. kroner.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksjonen fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslått at fondet skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det betyr at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytte til privat helseteneste og NPEs utbetaling av erstatningar blir ført over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen er presentert etter kontantprinsippet, og skal vareta krava i instruksjonen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsrekneskapen for Norsk pasientskadeerstatning - fond for privat helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil komme fram av revisjonsrapporten som fondet får våren 2026. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2026



Kristin Cordt-Hansen
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnere om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2025.

Norsk pasientskadeerstatning – fond for privat helseteneste blei oppretta i 2009. Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå dei andre midlane frå staten, der bruken er bunde til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga i staten og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoane blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og forpliktingar som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, blir viste i oppstillingas nedre del.

3. Prinsippnote til fondsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen svarer til oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er forskjellen mellom overføring til fondet og overføring frå fondet, og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen blir kortsiktige fordringar omtalte. Opplysninga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

4. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2025

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	Rekneskap 2025
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	164 371 967
Endringar i perioden	18 623 416
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	182 995 383

Tabell 2. Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2025

Konto	Tekst	2025	2024	Endring
810702	Behaldningar på konto(er) i Noregs Bank	-182 995 383	-164 371 967	-18 623 416

Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Fondet blir fullfinansiert av private helseaktørar, og dekker erstatningsutbetalingar, advokatutgifter og driftsutgifter. Fondet får ikkje løyving over statsbudsjettet.

5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgiftene til fondet, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	Note	2025	2024
Tilskot frå private helseaktørar	1	154 592 078	149 080 771
Regress frå private helseaktørar	1	2 568 316	891 748
Sum overføringar til fondet	1	157 160 394	149 972 519
Erstatningsutbetalingar	2	-81 894 242	-102 600 785
Dekning av driftsutgifter NPE	2	-48 778 170	-50 044 787
Dekning driftsutgifter Helseklage	2	-17 235 216	-11 979 031
Anna	2	9 308 156	8 445 693
Sum overføringar frå fondet	2	-138 599 472	-156 178 910
Resultatet i perioden		18 560 922	- 6 206 391

Disponering:

Overføring av resultatet i perioden til fondskapital ⁵	18 560 922	-6 206 391
--	-------------------	-------------------

Resultatet i perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital blir berekna ved å legge resultatet i perioden til opptent fondskapital i førre år.

⁵ Periodens faktiske resultat til fondskapital i 2025 skulle vært 10,6 mill. kroner lavere. Dette skyldes manglende avregning mot Norsk pasientskadeerstatning – fond for privat helsetjeneste. Avregning gjøres i januar 2026.

Tabell 4. Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	2025	2024
<i>Eigedelar:</i>		
Oppgjerskonto i Noregs Bank	182 995 383	164 371 967
Sum eigedelar	182 995 383	164 371 967
<i>Fondskapital og forpliktingar:</i>		
Opptent fondskapital	182 995 383	164 371 967
Sum fondskapital og forpliktingar	182 995 383	164 371 967

Tabell 5. Inntekter

Note 1 Overføringar til fondet	2025	2024	Differanse
8481 Tilskot frå private helseaktørar	154 592 078	149 080 771	5 511 307
8480 Regress	2 568 316	891 748	1 676 568
Sum overføringar til fondet	157 160 394	149 972 519	7 187 875

For konto 8481 og 8480 blir viste ei spesifisering av korleis inngåande balanse, opne postar frå tidlegare år og opne postar per 31.12.2025 er tatte omsyn til for å vareta kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

I 2025 hadde fondet samla inntekter på 157,1 mill. kroner. Inntektene består av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskotet har auka med 5,5 mill. kroner frå 2024 til 2025.

Regressinntektene i 2025 er auka med 1,6 mill. kroner samanlikna med 2024.

Tabell 6. Utgifter

Note 2 Overføringar frå fondet	2025	2024	Differanse
Erstatningsutbetalingar	-81 894 242	-102 600 785	20 706 543
Dekning av driftsutgifter NPE	-48 778 170	-50 044 787	1 266 617
Dekning av driftsutgifter Helseklage	-17 235 216	-11 979 031	-5 256 185
Anna	9 308 156	8 445 693	862 463
Sum overføringar frå fondet	-138 599 472	-156 178 910	17 579 438

Tabell 7. Anna

Anna	2025	2024	Differanse
7770 Transaksjonskostnader (bank - og kortgebyr)	-1 823	-1 672	-151
7772 Øreavrunding	289	-173	462
7830 Konstaterte tap på fordringar	-317 022	-143 998	-173 025
7831 Konstaterte tap på fordringar - Regress	-436 000	-199 000	-237 000
8050 Renteinntekt - kontoar utanfor konsernkontoordningane	9 877 694	8 755 837	1 121 857
8051 Renteinntekter	185 019	34 699	150 320
Sum Annet	9 308 157	8 445 693	862 464

Posten Annet fordeler seg mellom bank- og kortgebyr, øreavrunding, konstaterte tap på fordringar, renteinntekter og valutagevinst.

Konto 7772 består hovudsakleg av automatiske øreavrundingar i samband med fakturering. I tillegg er det bokført postar under 100 kroner som enten er for mykje eller for lite innbetalte på kunderskonto. Vi betaler ikkje tilbake, og krev ikkje inn beløp under 100 kroner fordi vi har vurdert at det er for kostbart og tidkrevjande. Statens innkrevjingsssentral krev heller ikkje inn beløp under 100 kroner av same grunn.

Ved tapsføring blir konto nytta 7830 Tap på fordringar/7831 Tap på fordringar regress. Desse kontoane kan berre nyttast når krava i økonomireglementet kap. 5.4 (pkt. 5.4.2.5, 5.4.3, 5.4.4, 5.4.5) er oppfylte. NPE bruker Statens innkrevjingsssentral til å følge opp krav som ikkje blir betalt som føresett.

Det er ført tap på fordringar samla på 0,8 mill. kroner på 12 tilskotskrav på konto 7830 og fem regresskrav på konto 7831 i 2025. Det er 0,4 mill. kroner meir samanlikna med 2024.

Inntekter på konto 8050 på 9,8 mill. kroner er renteinntekter betalte av Noregs Bank ved årsslutt. Det er ein auke på 1,1 mill. kroner samanlikna med 2024. Inntekter på konto 8051 er renter betalte frå Statens innkrevjingsssentral i samband med innkrevjinga.